

BUDSJETT 2022

ØKONOMIPLAN 2022 - 2025

Vedteke i kommunestyret xx. desember 2021, sak



ETNE KOMMUNE

Budsjett 2022, ØP 22 – 25 | Side 1

trygg • raus • engasjert

MOT

Innhaldsliste

| | |
|---|----|
| 1. Innleiing – kommunedirektøren sine vurderingar | 3 |
| 2. Nøkkeltal og måltal..... | 6 |
| 3. Bevilgningsoversikter | 7 |
| 3.1 Bevilgningsoversikt drift (1A) §5-4 | 7 |
| 3.2 Bevilgningsoversikt drift (1B) §5-4 | 7 |
| 3.3 Bevilgningsoversikt investering (2A) §5-5 | 8 |
| 3.4 Bevilgningsoversikt investering (2B) §5-5 | 8 |
| 3.5 Økonomisk oversikt §5-6..... | 9 |
| 4. Budsjettforutsetning | 10 |
| 4.1 Status og rammevilkår..... | 10 |
| 4.2 Økonomisk risiko | 11 |
| 4.3 Hovudendringar i Budsjett 2022 | 12 |
| 6. Administrasjon..... | 13 |
| 1. Innleiing | 13 |
| 2. Mål..... | 15 |
| 7. Oppvekst og kultur | 16 |
| 1. Innleiing | 16 |
| 2. Kapasitet og gjennomføring | 17 |
| 3. Mål..... | 20 |
| 8. Helse og Omsorg | 22 |
| 1. Innleiing | 22 |
| 2. Kapasitet og gjennomføring | 23 |
| 3. Mål..... | 28 |
| 9. Drift og Utvikling..... | 29 |
| 1. Innleiing | 29 |
| 2. Kapasitet og gjennomføring | 30 |
| 3. Mål..... | 31 |
| 10. Finans – Inntekter..... | 32 |
| 1. Rammetilskot..... | 32 |
| 2. Skatteinntekter..... | 33 |
| 3. Lån | 34 |
| 4. Renter og finansaktiva..... | 34 |
| 4. Andre inntekter | 34 |
| 10. Investering..... | 36 |
| 11. Eigarskap og næring | 39 |



1. Innleiing – kommunedirektøren sine vurderingar

Kommunedirektøren legg med dette fram sitt forslag til budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Framlegg til budsjett 2022 inneber eit netto driftsresultat på 1,3 %, noko som svarar til 5,1 millionar kroner. Det er i planperioden lagt opp til at netto driftsresultat skal auka til 2,0 %.

Frie inntekter frå staten går opp med 1,0 % for 2022, mens landsgjennomsnittet er 1,5 %. Skatteinntektene er budsjettet med same beløp som statsbudsjettet.

Havbruksfond er budsjettet med 4,7 millionar kroner og kraftinntektene er budsjettet med 11,5 millionar kroner.

Covid-19 pandemien har og prega 2021, og det er forventa at det kan bli nokre utgifter knytt til Covid-19 og i 2022, då særleg vaksinasjon. Budsjettet er ikkje justert for å ta høgde for Covid-19. Det vert tatt høgde for at statlege overføringer vil halda fram knyt til utvikling av Covid-19.

Budsjettet er risikosimulert både på inntekt- og utgiftssida. Simuleringa er gjennomført ved å identifisere risikoområde og utfallsrom. Det er teke omsyn til både oppsider og ned sider. Simuleringa viser at det er nødvendig å setja av 5,9 millionar kroner i risikopott for å handtera dette i budsjettet. Risikopotten er fordelt innanfor rammene og vil bli styrt av kommunedirektøren saman med leiargruppa.

Etne kommune er den største arbeidsgjevaren i kommunen og sysselset mange personar. I tabellen under ser ein fordeling mellom kjønn. Det vil i perioden vera fokus på å få til ei auke av heiltids- stillingar.

| Årsverk/tal tilsette | | | |
|----------------------|-----------|-----------------|---------|
| Område | Årsverk | Kjønnsfordeling | |
| | | Kvinner | Menn |
| Totalt EK | 324 (426) | 280 (368) | 43 (58) |

Kjelde: BI, pr. 31/10/2021 tal tilsette i parentes

Etne kommune har store utfordringar føre seg i planperioden. SSB sine framskrivingar på folketal for kommunen viser at me skal gå frå 4066 innbyggjarar i 2020 til 3939 innbyggjarar i 2030. Samansetjinga av befolkninga vil endra seg. Me vil i Etne vera 175 fleire personar over 67 år, 124 færre personar i yrkesaktiv alder frå 18-66 medan barn og unge frå 0-17 år vert redusert med 130 personar fram mot 2030. Forventa kostutvikling fram mot 2030 vil vera + 20 % for pleie og omsorg, -16 % for grunnskule og -27 % for barnehage. Det er ei auke i den eldre delen av befolkninga og eldrebølgja er over oss nå. Dette er reflektert i disponering av midlane og i 2022 og vil fortsetja gjennom planperioden.

Senge- og pleie kapasiteten i Pleie og Omsorg har vore ei stor utfordring dei siste åra. Sektoren har jobba med heilskapleg plan som tek for seg utfordingane som kjem med demografi endringane som kjem. Det er planlagd at studien skal vera ferdig første halvår i 2022. Dette budsjettet tar høgde for funn som er identifiserte i første fase. Brukardialog med førebyggjande heimebesøk for alle over 80 år starta i 2021 tilbakemeldingar og læring frå desse besøka vert tatt med i den videre utviklinga av tenestene i sektoren.

Det er og i dette budsjettet fokusert på å ha konkrete mål for effektivitet, bemanning og andre styrande element for budsjett. Vidare byggjer budsjettala på forventa behov i dei einskilde tenestene, til dømes er det tatt høgde for at alle 30 plassane i Etne Omsorgssenter er belagde heile året. Belegget er drivande for bemanninga saman med bemanningsfaktoren og pleiefaktor som er forhandsdefinert i måltala.



I skulen er det eit stor fokus på kvalitet i alt ein planlegg og utfører i kvardagen, og det er sett konkrete mål på viktige faktorar for å skapa eit godt læremiljø både i barnehage og skule.

Det vil vera viktig å sjå i kva grad det er ein samanheng mellom kvantitet, kapitaltilføring og kvaliteten og opplevinga som våre barn og unge opplever eller resultata sett i ei større samanheng.

For å få ungdommen til å busetja seg i bygdene våre, må det vera attraktive jobbar og buplassar. Ein vil i perioden styrka samarbeidet med næringslivet både i direkte kontakt med den einskilde bedrift og gjennom det samarbeidet som me har med Fikse Næringsforeining og Medvind 24. Gjennom eigarskapen som kommunen har i Etne Tomteselskap AS, kan me vera med på å påverka etablering av attraktive buplassar.

Etne har den same utfordringa som dei fleste andre kommunar i landet med ungdom som fell utanfor arbeidslivet. Dette må me motverka, og me legg difor til rette for ei auke i talet på eigne lærlingar i perioden frå 2,75 pr. 1000 innbyggjar til 3,75 i slutten av perioden.


Investeringsbudsjettet reflekterer at ein treng fornja seg innan fleire område i kommunen. For 2022 er det føreslått å bruka 54 millionar kroner, og for resten av planperioden totalt 153,9 millionar kroner. I slutten av planperioden ligg det store prosjekt som symjehall, renovering på Tinghuset og det gamle Omsorgssenteret. Dette driv opp investeringane betydeleg. Det vil i budsjettperioden vera viktig å gjera dei rette investeringane for at Etne kommune skal vera attraktiv for dei unge, enten for å bli eller flytta tilbake til.

Kommunedirektøren føreslår å gi ei betydeleg støtte til oppgradering av kjøken og fasade på Skakkesenteret. Det vert også føreslått å saminvestera i fjernvarmeanlegg for skule og symjebassengset i Skånevik, og det vert lagt opp til fast leigeavtale for bassengtid for skulen og koordinering av oppgradering av uteområde. Begge tiltaka er viktige for attraktiviteten til bygdene våre og det vert gjort ein imponerande jobb frå alle involverte.


IKT og digitalisering står sentralt og det er oppretta ei ny stilling som digitaliseringsansvarleg som skal sørge for at me har eit vegkart for strukturert overordna utvikling innan området. Velferdsteknologi skal vidareutviklast i perioden, og me vil og leggja opp til at me kan etablera gode målemetodar slik at ein ser at ein oppnår gevinst av investeringane. Det er i 2022 lagt opp til ei større investering i oppgradering av skjermar i klasseromma på skulane.

Gjennom tilslutning til FNs berekraftsmål har også kommunane som oppgåve å bidra til å nå måla. Berekraftsmåla er retta mot biosfære, samfunn, økonomi og samarbeid. Me har starta jobben med å reflektera måla i planverk og gjennomføring av planar og klimaplanen er prioritert revidert i 2022. Det vil og bli etablert eit klimarekneskap med mål for kommunen. Det er på slutten av 2021 gjort tilsetjingar innan Utvikling som skal sørge for at me nå får levert arealdelen av kommuneplanen i løpet av 2022.





Vertskommunesamarbeidet med Vindafjord kommune fortset i alle pågående avtalar. Under er det laga eit diagram som viser ei økonomisk utvikling i pågående avtalar i 10-års perioden fram til og med dette budsjettet. Det er verd å merka seg at nokre av avtalane har gått i heile 10-års perioden medan andre blei etablert undervegs.



Interkommunalt samarbeid er viktig for ein liten kommune som Etne. Dette kan gi større fagmiljø og betre utnytting av økonomiske faktorar, på same tid som det kan gi meir robustheit med omsyn til kapasitet og fleksibilitet. Fokuset på samarbeid er difor viktig og ein vil i perioden fortsetja den gode dialogen med nabokommunane.

Det ligg ikkje berre store utfordringar framfor oss, men også store moglegheiter. Det vil vera særsviktig å ha fokus på berekraftig utvikling, god og effektiv drift og ikkje minst fortsetja å skapa kommunen som ein inkluderande og attraktiv arbeidsplass. Saman med godt politisk handverk vil dette leggja grunnlaget for attraktive bygder og god service til innbyggjarane våre, noko som er vår hovudoppgåve.

God lesing!

Bjørn Tollefson
Kommunedirektøren



ETNE KOMMUNE

Budsjett 2022, ØP 22 – 25 | Side 5

trygg • raus • engasjert

MOT

2. Nøkkeltal og måltal

| NØKKELTALL | REKNESKAP 2020 | BUDSJETT 2021 | BUDSJETT 2022 |
|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| DRIFTSINNTEKTER | -388 283 449 kr | -372 978 000 kr | -391 728 615 kr |
| DRIFTSUTGIFTER | 401 497 857 kr | 373 235 030 kr | 392 669 479 kr |
| BRUTTO DRIFTSRESULTAT | 13 214 408 kr | 257 030 kr | 940 864 kr |
| NETTO DRIFTSRESULTAT | 13 064 724 kr | -3 626 641 kr | -5 093 840 kr |
| NETTO DRIFTSRESULTAT I % | -3,36 % | 0,97 % | 1,30 % |
| LÅNEGJELD | 317 975 563 kr | 320 746 312 kr | 335 246 312 kr |
| INVESTERING | 21 852 830 kr | 42 779 063 kr | 54 021 000 kr |
| NYTT LÅNEOPPTAK | 13 950 000 kr | 12 975 000 kr | 24 500 000 kr |

Ny kommunelov gir kommunen ei plikt til å fastsetja finansielle måltal for eigen kommune, og intensjonen er at dette skal vera eit uttrykk for ein lokal økonomisk politikk, der måltala fungerer som lokale handlingsreglar. Etne kommune vedtar følgjande måltal:

Måltal 1: Netto driftsresultat skal vera minimum 1,3 prosent av brutto driftsinntekter.

Netto driftsresultat viser kva kommunane har igjen til finansiering av investeringar eller til å byggja opp reserver. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunesektoren. Teknisk berekningsutval (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi gir råd om at kommunane over tid har eit netto driftsresultat på 1,75 %. Enkelt sagt vil dette tilsvara økonomisk balanse. Eit positivt netto driftsresultat ut over dette vil fungera som ein tryggleik mot uførutsette kostnadars eller reduserte inntekter.

Måltal 2: Netto lånegjeld skal ikkje overstiga 80 prosent av sum driftsinntekter.

Målet om netto lånegjeldsgrad er sett ut frå eit ynskje om å måla det som er relevant for å vurdera kommunen sin økonomiske belastning med auka gjeldsopptak.

Måltal 3: Disposisjonsfondet bør utgjera minimum 10 prosent av sum driftsinntekter, justert for siste års rekneskapsmessige meir- eller mindreforbruk.

Måtalet er valt fordi det er av betydning at kommunen har nok i økonomiske reserver, noko som vanlegvis blir målt med storleiken på kommunen sitt disposisjonsfond. Målet er sett som ei «bør»- formulering, fordi det ikkje er hensiktsmessig at ein i enkelte år skal måtte gjera store grep i drifta for å fylla opp igjen disposisjonsfondet.

| MÅLTAL | BUDSJETT 2022 | ØKONOMIPLAN 2022-2025 MÅLTAL |
|--|---------------|------------------------------|
| NETTO DRIFTSRESULTAT | 1,30 % | 2,0 % |
| NETTO LÅNEGJELD I % AV DRIFTSINNTEKTER | 80,00 % | 95,0 % |
| DISPOSISJONSFOND | 10,00 % | 14,0 % |



3. Bevilgningsoversikter

3.1 Bevilgningsoversikt drift (1A) §5-4

| BEVILGNINGSOVERSIK DRIFT 1A | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 |
|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Rammetilskot | -152 529 585 | -155 504 000 | -156 872 541 | -159 539 374 | -162 411 082 | -165 009 660 |
| Inntekts- og formuesskatt | -107 482 678 | -113 000 000 | -123 490 000 | -129 664 500 | -134 851 080 | -141 593 634 |
| Eigedomsskatt | -21 390 691 | -19 510 945 | -20 260 945 | -20 605 381 | -20 976 278 | -21 311 898 |
| Andre generelle driftsinntekter | -19 239 098 | -11 695 450 | -9 126 470 | -9 281 620 | -9 448 690 | -9 599 869 |
| SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER | -300 642 052 | -299 710 395 | -309 749 956 | -319 090 875 | -327 687 130 | -337 515 061 |
| Sum bevilgninger drift, netto | 301 752 742 | 287 558 310 | 296 148 379 | 303 769 224 | 311 750 842 | 320 458 584 |
| Avskrivinger | 12 125 726 | 12 409 115 | 14 542 441 | 14 687 866 | 14 908 183 | 15 116 896 |
| SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER | 313 878 468 | 300 297 027 | 311 118 711 | 318 884 981 | 327 086 916 | 336 003 371 |
| BRUTTO DRIFTSRESULTAT | 13 236 416 | 257 030 | 940 864 | -633 785 | -1 028 105 | -1 939 581 |
| Renteinntekter | -1 877 234 | -1 499 602 | -1 219 602 | -1 231 798 | -1 250 274 | -1 267 778 |
| Utbytte | -78 473 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidler | 0 | -2 940 000 | -3 240 000 | -3 272 400 | -3 321 486 | -3 367 987 |
| Renteutgifter | 4 765 480 | 4 163 046 | 2 965 339 | 2 965 339 | 2 965 339 | 2 965 339 |
| Avdrag på lån | 9 166 269 | 8 802 000 | 10 002 000 | 10 002 000 | 10 002 000 | 10 002 000 |
| NETTO FINANSUTGIFTER | 11 976 042 | 8 525 444 | 8 507 737 | 8 463 141 | 8 395 579 | 8 331 574 |
| Motpost avskrivinger | -12 125 725 | -12 409 115 | -14 542 441 | -14 687 865 | -14 908 183 | -15 116 898 |
| NETTO DRIFTSRESULTAT | 13 086 733 | -3 626 641 | -5 093 840 | -6 858 509 | -7 540 709 | -8 724 905 |
| Overføring til investering | 899 439 | 950 000 | 950 000 | 950 000 | 950 000 | 950 000 |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond | -1 793 183 | -232 665 | -476 658 | -489 219 | -508 248 | -526 275 |
| Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond | -12 170 980 | 2 909 306 | 4 620 498 | 6 397 728 | 7 098 957 | 8 301 180 |
| Dekning av tidligare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SUM DISPONERINGELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT | -13 086 733 | 3 626 641 | 5 093 840 | 6 858 509 | 7 540 709 | 8 724 905 |
| FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

3.2 Bevilgningsoversikt drift (1B) §5-4

| BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT 1B - Netto | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 |
|--------------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| ADMINISTRASJON | 24 943 054 | 43 978 394 | 42 196 898 | 43 170 159 | 44 134 230 | 45 250 141 |
| OPPVEKST OG KULTUR | 123 217 136 | 115 055 468 | 118 611 056 | 121 687 729 | 124 938 599 | 128 523 351 |
| HELSE OG OMSORG | 128 758 532 | 118 230 991 | 124 301 427 | 127 203 178 | 130 215 839 | 133 531 481 |
| UTVIKLING OG DRIFT | 26 473 311 | 23 337 456 | 24 487 676 | 25 194 845 | 25 931 202 | 26 695 477 |
| FINANS | -1 639 291 | -13 043 999 | -13 448 678 | -13 486 687 | -13 469 028 | -13 541 866 |
| TOT | 301 752 742 | 287 558 310 | 296 148 379 | 303 769 224 | 311 750 842 | 320 458 584 |



3.3 Bevilgningsoversikt investering (2A) §5-5

| BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING 2A | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Investeringer i varige driftsmidler | 26 655 228 | 26 900 000 | 48 001 000 | 50 375 000 | 43 450 000 | 45 450 000 |
| Tilskot til andres investeringar | 1 000 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 949 439 | 950 000 | 950 000 | 950 000 | 950 000 | 950 000 |
| Utlån av eigne midlar | 2 020 000 | 1 500 000 | 2 500 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Avdrag på lån | 1 898 703 | 1 800 000 | 2 570 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| SUM INVESTERINGSUTGIFTER | 32 523 370 | 31 150 000 | 54 021 000 | 54 325 000 | 47 400 000 | 49 400 000 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | -3 274 801 | -5 725 000 | -8 950 250 | -7 168 750 | -10 187 500 | -10 687 500 |
| Tilskot fra andre | -3 094 331 | -850 000 | -4 000 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 |
| Sal av varige driftsmidler | -44 679 | -200 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sal av finansielle anleggsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne midler | -3 474 289 | -1 800 000 | -2 900 000 | -2 900 000 | -2 900 000 | -2 900 000 |
| Bruk av lån | -23 872 830 | -19 825 000 | -37 220 750 | -43 756 250 | -33 812 500 | -35 312 500 |
| SUM INVESTERINGSINNTEKTER | -33 760 930 | -30 200 000 | -53 071 000 | -54 325 000 | -47 400 000 | -49 400 000 |
| Overføring fra drift | -899 439 | -950 000 | -950 000 | -950 000 | -950 000 | -950 000 |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond | -2 354 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond | 50 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligare års udekke beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum overføring frå drift og netto avsetninger | -1 404 561 | -950 000 | -950 000 | -950 000 | -950 000 | -950 000 |
| Fremført til inndekning i senere år udekke beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

3.4 Bevilgningsoversikt investering (2B) §5-5

| INVESTERINGSBUDSJETT | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---------------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| FINANS | 6 020 000 kr | 3 000 000 kr | 3 000 000 kr | 3 000 000 kr |
| VA | 10 700 000 kr | 22 500 000 kr | 3 500 000 kr | 3 500 000 kr |
| BYGG | 16 515 000 kr | 10 600 000 kr | 33 100 000 kr | 35 100 000 kr |
| HAMN | 1 875 000 kr | 4 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| IKT | 1 400 000 kr | 3 050 000 kr | 750 000 kr | 750 000 kr |
| EIGEDOM, NÆRING OG AKSJER | 1 700 000 kr | 1 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| VEG, PARK OG GRØNT | 15 811 000 kr | 11 125 000 kr | 8 000 000 kr | 8 000 000 kr |
| TOTALT | 54 021 000 kr | 55 275 000 kr | 48 350 000 kr | 50 350 000 kr |

| FINANSIERING | 2022 |
|----------------------------------|-----------------------|
| Ubrukte lånemidler | -9 720 750 kr |
| Overføring frå drift | -950 000 kr |
| Kompensasjonsmidlar | -4 000 000 kr |
| Innbetaling startlån | -2 900 000 kr |
| Finansiering startlån - Lindorff | -3 000 000 kr |
| Momskompensasjon | -8 950 250 kr |
| Salgsinntekter | 0 kr |
| TOT før nytt lånepoptak | -29 521 000 kr |
| Nytt lånepoptak | -24 500 000 kr |
| TOT finansiering | -54 021 000 kr |



3.5 Økonomisk oversikt §5-6

| ØKONOMISK OVERSIKT | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 |
|--|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Rammetilskot | -152 529 585 | -155 504 000 | -156 872 541 | -159 539 374 | -162 411 082 | -165 009 660 |
| Inntekts- og formuesskatt | -107 482 678 | -113 000 000 | -123 490 000 | -129 664 500 | -134 851 080 | -141 593 634 |
| Eigedomsskatt | -21 390 691 | -19 510 945 | -20 260 945 | -20 605 381 | -20 976 278 | -21 311 898 |
| Andre skatteinntekter | -4 214 734 | -4 209 000 | -4 212 000 | -4 283 604 | -4 360 709 | -4 430 480 |
| Andre overføringer og tilskot frå staten | -15 024 364 | -7 486 450 | -4 914 470 | -4 998 016 | -5 087 981 | -5 169 389 |
| Overføringer og tilskot frå andre | -54 932 683 | -42 434 425 | -39 979 787 | -40 380 425 | -40 986 490 | -41 560 551 |
| Brukarketingar | -11 063 495 | -12 332 784 | -11 741 423 | -11 964 510 | -12 143 978 | -12 399 004 |
| Salgs- og leigeinntekter | -21 645 224 | -18 500 396 | -30 257 449 | -30 832 341 | -31 294 826 | -31 952 018 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | -388 283 454 | -372 978 000 | -391 728 615 | -402 268 151 | -412 112 424 | -423 426 634 |
| Lønnsutgifter | 194 192 490 | 186 381 962 | 197 818 365 | 203 138 148 | 208 795 846 | 215 310 353 |
| Sosiale utgifter | 58 019 959 | 50 811 342 | 49 133 856 | 50 965 472 | 52 914 780 | 54 612 145 |
| Kjøp av varer og tenesta | 117 618 396 | 99 339 890 | 104 495 278 | 105 896 545 | 107 222 769 | 108 878 000 |
| Overføringer og tilskot til andre | 19 563 299 | 24 292 721 | 26 679 539 | 26 946 335 | 27 242 741 | 27 569 659 |
| Avskrivningar | 12 125 726 | 12 409 115 | 14 542 441 | 14 687 866 | 14 908 183 | 15 116 896 |
| SUM DRIFTSUTGIFTER | 401 519 870 | 373 235 030 | 392 669 479 | 401 634 366 | 411 084 319 | 421 487 053 |
| BRUTTO DRIFTSRESULTAT | 13 236 416 | 257 030 | 940 864 | -633 785 | -1 028 105 | -1 939 581 |
| Renteinntekter | -1 877 234 | -1 499 602 | -1 219 602 | -1 231 798 | -1 250 274 | -1 267 778 |
| Utbrytter | -78 473 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | 0 | -2 940 000 | -3 240 000 | -3 272 400 | -3 321 486 | -3 367 987 |
| Renteutgifter | 4 765 480 | 4 163 046 | 2 965 339 | 2 965 339 | 2 965 339 | 2 965 339 |
| Avdrag på lån | 9 166 269 | 8 802 000 | 10 002 000 | 10 002 000 | 10 002 000 | 10 002 000 |
| NETTO FINANSUTGIFTER | 11 976 042 | 8 525 444 | 8 507 737 | 8 463 141 | 8 395 579 | 8 331 574 |
| Motpost avskrivningar | -12 125 725 | -12 409 115 | -14 542 441 | -14 687 865 | -14 908 183 | -15 116 898 |
| NETTO DRIFTSRESULTAT | 13 086 733 | -3 626 641 | -5 093 840 | -6 858 509 | -7 540 709 | -8 724 905 |
| NETTO DRIFTSRESULTAT I % | -3,37 % | 0,97 % | 1,30 % | 1,70 % | 1,83 % | 2,06 % |
| Overføring til investering | 899 439 | 950 000 | 950 000 | 950 000 | 950 000 | 950 000 |
| Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond | -1 793 183 | -232 665 | -476 658 | -489 219 | -508 248 | -526 275 |
| Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond | -12 170 980 | 2 909 306 | 4 620 498 | 6 397 728 | 7 098 957 | 8 301 180 |
| Bruk av tidligare års mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT | -13 086 733 | 3 626 641 | 5 093 840 | 6 858 509 | 7 540 709 | 8 724 905 |
| FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE Å | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |



4. Budsjettforutsetning

Kommunen skal utarbeida ein fireårig økonomiplan og eit årsbudsjett i tråd med føresegna i kommunelova § 14-3 og 14-4. Økonomiplanen etter kommunelova § 14-4 femte ledd, er ein del av kommuneplanen sin handlingsdel. Etne kommune har valt å handsama handlingsdelen, økonomiplan og budsjett i ein og same planprosess, og i eitt felles dokument.

Årsbudsjettet er ein bindande plan for bruken av kommunen sine midlar i budsjettåret, og viser kva ramme kommunestyret har løyvd til kommunen sine einingar det kommande året.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vera realistiske, fullstendige og oversiktlege. Økonomiplanen har eit perspektiv på fire år med årsbudsjettet som første år. Planen vert rullert årleg i samband med budsjettet.

4.1 Status og rammevilkår

Frie inntekter

Frie inntekter for kommunane er definert som skatt (på inntekt og formue) og rammetilskot. Rammene for kommunen vert kjent gjennom framlegg til nytt statsbudsjett kvar haust, for eitt år om gongen. I statsbudsjettet vert det lagt opp til vekst i kommunesektoren sine frie inntekter (skatt og rammetilskot) i 2022 med 1,6 mrd. kroner. Dette er i nedre del av intervallet for inntektsvekst som vart angitt i kommuneproposisjonen 2021.

Anslag frie inntekter for Etne kommune er 278 266 950 kroner. Dette anslaget (som består av rammetilskot og skatteinntekter) på frie inntekter inneber ei nominell vekst for Etne kommune frå 2021 til 2022 på 1 prosent. I same periode er det anslått landsgjennomsnittleg vekst på 1,5 prosent. Skatteinntektene er for Etne kommune anslått til 134 035 950 kroner i 2022, inkludert inntektsutjamning. I det grøne heftet er Naturressursskatt anslått til å vera 3,1 mill. i 2022 for Etne kommune.

Anslaget på kommunesektoren sine skatteinntekter i 2021 er oppjustert med 5 mrd. kroner i Statsbudsjett. Det er rekna med ein nominell skatteredusjon for kommunane frå 2021 til 2022 med -0,1 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2022 byggjer blant anna på pårekna sysselsetningsvekst (1,4 prosent), lønsvekst (3,0 prosent) og reduksjon i det kommunale skatteøyret. Det er i statsbudsjett lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 12,15 prosent i 2021 til 10,95 prosent i 2022. Når det gjeld skatteinntektene må kommunane likevel ta ei lokal vurdering utifra eigne kunnskapar om lokale tilhøve. Sidan me ikkje kjenner dei endelige skatteinntektene for 2021 før i januar 2022, er det gjort eit anslag på kor store skatteinntektene for 2021 vil bli. I anslaget er det tatt utgangspunkt i nivået på skatteinntektene i 2020. For den enkelte kommune er skatteanslaget for 2022 deretter framskrivne i tråd med veksten i det samla skatteanslaget. Det betyr at det vert forutsett ei lik skattevekst per innbyggjar, med fordeling som i 2020. Etter kvart som skattetalla føreligg blir skatteinntektene fordelt mellom kommunane, for å utjamna forskellar i skatteinntekter mellom kommunane.

Pris og lønnsvekst

I budsjettet er det lagt til grunn ei lønnsvekst i 2022 på 3,2 prosent og ei samla pris- og lønnsvekst (den såkalla kommunale «deflatoren») på 2,5 prosent. Lønnspostar for fast lønn er basert på faktisk lønn på kommunen sine stillingsheimlar, framskriven med forventa lønnsvekst. Venta lønnsvekst i løpet av 2022 er budsjettert som ei auke i lønnspostar. I berekninga av fast lønn er det også tatt omsyn til at lønnsveksten i 2021 vart høgare enn opphaveleg budsjettet, kor det nå blir lagt til grunn ei lønnsvekst på 2,7 prosent (mot 2,2 prosent i opphaveleg statsbudsjett 2021). Etne kommune sitt lønsbudsjett er basert på faktisk lønn og tal årsverk på dei tilsette per oktober 2021. Desse tala inkluderer resultatet av all lokal lønnssauke



og lønnsforhandling denne hausten. Driftsavtalar, tilskot og inntekter er i utgangspunktet justert med ei samla pris- og lønnsvekst på 2,5 prosent. Dette blir også brukt som utgangspunkt for endringar i kommunale betalingssatsar.

Pensjon og sosiale utgifter

Ein vesentleg storleik i budsjettet er pensjon. Pensjonskostnadene består av premie på lønn (ført på eininga), reguleringspremie, premieavvik. Drifta skal belastast med pensjonskostnadene som er rekna ut frå langsiktige føresetnadene om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Medan pensjonsutgifta er det ein skal betale (rekninga), er pensjonskostnaden den storleiken som påverkar driftsresultatet. Differansen mellom desse to storleikane er det såkalla premieavviket, som blir tilbakeført dei påfølgjande åra. Denne utgiftsføringa eller inntektsføringa av tidlegare års premieavvik vert kalla amortiseringskostnadene. Premieavvik som ikkje er amortisert, er registrert i balanserekneskapen. Pensjonskostnadene er lagt inn ut frå dei prognosane me har fått frå Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK), dei såkalla pensjonsnotene.

Betalings- og avgiftssatsar

I utgangspunktet er satsane indeksregulert i samsvar med sentralt pårekna pris- og kostnadsvekst for 2021. Dvs. lønnsvekst 2,8 % og 4 % vekst for varer og tenester. Somme satsar vert styrt av statlege forskrifter. Relatert til vatn, avlaup, feiing, byggjesak, private planar og oppmåling er gebyra utrekna i tråd med forskrift om berekning av sjølvkost. Her må nemnast ny lokal forskrift om vass- og avlaupsgebyr. Gebyrsatsar 2022 er basert på forskriftera som vert lagt fram for politisk handsaming parallelt med budsjett 2022. Hensikten med den nye forskriftena for vatn og avlaup er at den skal vera tydelegare, enklare å administrera, og gje betre samsvar mellom pris og kostnadselementa.

4.2 Økonomisk risiko

I denne økonomiplanen er det lagt inn føresetnadene kring dei sentrale inntektene, finanspostane, driftskonsekvensar av investeringar, samt heilårseffekta av tiltak som blir sett i gang i årsbudsjettet. Det uvisse i fleire av desse forholda gjer likevel at dette berre er eit av fleire moglege scenario for korleis det økonomiske handlingsrommet vil utvikla seg framover. For styrings formål kan det vera nyttig å kunne sjå korleis ulike scenario vil kunna utvikla seg, og me har difor laga ei matematisk simulering av moglege scenario. Desse varierer frå å vera meir optimistisk til eit langt meir negativt. Simulasjonen er bygd på ein kalkyle for sannsyn, kalkyle simulert 1000 gongar for generelle driftsinntekter og for netto driftsramme, i tråd med budsjettetskjema 1A. Resultat av simulasjon visar følgjande:

Inntekter scenario (1000)

| Budsjett 2022 | -309 203 956 |
|---|--------------|
| Gjennomsnitt scenario | -309 744 059 |
| STD - Variasjon | 6 941 967 |
| Risiko mindre inntekter enn budsjettert | 46 % |

Utgifter scenario (1000)

| Budsjett 2022 | 295 602 379 |
|--------------------------------------|-------------|
| Gjennomsnitt scenario | 295 437 624 |
| STD - Variasjon | 6 295 726 |
| Risiko meir utgifter enn budsjettert | 62 % |



Ved sviktande føresetnader over tid kan kommunen hamna i ubalanse ved at inntektene ikkje er høge nok i høve til dei kostnadane som kjem. Av dei mest aktuelle risikomomenta kan nemnast: lågare skatteinngang, høgare lønnsoppgjer i 2022, høgare pleiebehov eller vikarbruk, høgare straumprisar, lågare kraftinntekter. For å handtera dette uventa, har me budsjettet med ein risikopott av 5,9 mill. Risikopott er innarbeida i rammene, i kvar sin sektor. Risikopott kan berre disponerast av Kommunedirektøren i samråd med leiargruppa.

| ØKONOMISK RISIKO | RAMME | VERST SCENARIO | BEST SCENARIO | Risiko pott |
|-----------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|------------------|
| ADMINISTRASJON | 41 226 298 | 42 300 000 | 40 300 000 | 410 000 |
| OPPVEKST OG KULTUR | 116 845 056 | 119 000 000 | 115 000 000 | 981 418 |
| HELSE OG OMSORG | 123 755 953 | 128 000 000 | 123 000 000 | 840 000 |
| DRIFT OG UTVIKLING | 25 033 544 | 26 500 000 | 24 500 000 | 730 000 |
| FINANS | -306 860 851 | -303 211 682 | -309 211 682 | 3 000 000 |
| TOT RAMME med Risiko | 306 860 851 | 315 800 000 | 302 800 000 | 5 961 418 |

| INNTEKTSRISIKO | RAMME | VERST SCENARIO | BEST SCENARIO |
|------------------|--------------|----------------|---------------|
| Skatteinntekter | -123 400 000 | -121 400 000 | -124 590 000 |
| Inntektsutj. | -11 500 000 | -15 000 000 | -11 000 000 |
| Eigedomsskatt | -20 810 000 | -20 300 000 | -21 300 000 |
| Naturessursskatt | -3 100 000 | -3 100 000 | -3 300 000 |
| Rammetilskot | -144 000 000 | -144 000 000 | -144 000 000 |
| Hamnbruksfond | -4 800 000 | -4 000 000 | -5 000 000 |
| Kraftinntekter | -11 500 000 | -9 500 000 | -14 000 000 |
| Finansinntekter | -3 240 000 | -2 500 000 | -3 600 000 |

4.3 Hovudendringar i Budsjett 2022

Frå august av har Etne kommune jobba med budsjett og økonomiplan. Me har først kartlagt fast og variabel lønn for alle med fast tilsett-rettar i Etne kommune. Vidare kartlegging av stillingsbehov i lys av tilgjengelege ressursar og tenestebehov. Alle kommunalsjefar og einingsleiarar vart vidare bedne om å realitetsorientera også alle dei andre utgifts- og inntektspostane på detaljnivå, samt komma med forslag på tiltak/aksjonar som bør gjerast. Kommunedirektør og Økonomi har vore «sparring partnarar» i kartleggingsarbeidet, og det har vore fleire justeringar underveis.

Kommunestyret er kjent med hovudstrategien å justera rammefordelinga ansvarsområda i mellom for å kunne handtera demografiutfordringane som kjem. Kommunalsjefane vart såleis bedne om å laga ei liste med tiltak for å imøtekome strategien. Listene er så brukt i prosessen med å få sluttført tilrådd budsjett 2022.

| HOVUDENDRINGAR | FRÅ | TI |
|----------------|----------------|----------------------------|
| Risiko pott | Administrasjon | Delt i kvar sin sektor |
| Lærling | Administrasjon | Utgifter i kvar sin sektor |
| Lisensar | Alle sektorar | Administrasjon - IKT |

Endringar i budsjettstrukturen som vart påført i fjar er tatt vidare i 2022 og for heile økonomiplanperiode, samt har me føretatt fleire endringane. Det vert tydelegare kva den enkelte einingsleiar har ansvar for, samstundes som denne får betre vilkår for økonomistyring innan eige ansvarsområdet. Føresetnadene for rapportering og kontroll: strategien kring endringane er bygd opp for å samla og sentralisere utgifter der ansvaret ligg. Dette vil gi meir kontroll og moglegheit til å kunne planleggja langtlig.



| RAMMEFORDeling | 2021 | 2022 | 2022 - Etter endringane |
|--------------------|---------|---------|-------------------------|
| ADMINISTRASJON | 14,40 % | 12,70 % | 13,63 % |
| OPPVEKST OG KULTUR | 38,10 % | 38,30 % | 38,31 % |
| HELSE OG OMSORG | 39,44 % | 40,72 % | 40,15 % |
| DRIFT OG UTVIKLING | 8,07 % | 8,28 % | 7,91 % |
| TOT | 100 % | 100 % | 100 % |

6. Administrasjon

| Administrasjon | ØKONOMI | | |
|-------------------|----------------|---------------|---------------|
| | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 |
| Netto driftsramme | 24 943 054 | 43 978 394 | 42 196 898 |

1. Innleiing

Lønn og personal

Hovudarbeidsoppgåva for eininga er lønn, rådgjeving innan personalområde, lærlingar, organisasjons- og leiarutvikling, overordna ansvar for bedriftshelseteneste og vernetenesta, kvalitetssystem, rekruttering og tilsettjingar. Overordna planar, reglement og retningslinjer for personalområdet ligg og til eininga. Endring i leiarstruktur og rekruttering av nye leiarar har vore ressurskrevjande og ein har måtte endre rutinar og system i tråd med ny organisering.

Ved å auka digitalisering og betra system/rutinar kan me effektivisera den daglege drifta og frigjera ressursar til å vidareutvikla organisasjonen. Det er eit stort etterslep på planar, reglement/ retningslinjer og behov for fokus på leiarutvikling.

Lærlingar er i særskilt fokus og planlagd inntak er vist under:

| Lærefag | H2020/V2021 | H2021/V2022 | H2022/V2023 | H2023/V2024 |
|------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| B & U - faget | 2 | 2 | 4 | 4 |
| Helsefagarbeidar | 4 | 3 | 3 | 6 |
| IKT | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Kontor og adm. | | | 1 | 1 |
| Institusjonskokk | | | 1 | 1 |
| Byggdriftarfaget | | 1 | 2 | 2 |
| Totalt antal | 7 | 7 | 12 | 15 |
| <i>Lærling pr 1000 innb.</i> | <i>1,75</i> | <i>1,75</i> | <i>3,00</i> | <i>3,75</i> |

Økonomi

Økonomieininga jobbar aktivt med digitalisering og forbetring av rekneskapsprosessar. I løpet av økonomiplanperioden, skal økonomieininga jobba for å auke kompetansen og systematisere rutinar og prosedyrar. Kombinasjonen av nye modular og rutinar vil hjelpe heile organisasjonen til å få betre forståing og kontroll på økonomien. Digitalisering av prosessar skal hjelpe økonomieininga til å fokusera meir på internkontroll: i staden for å korrigera og sjekka eventuelle feil, skal me byggja system og prosedyrar som på førehand kan kalkulere sannsyn for kommande feil.

IKT

Etne kommune er vertskommune for IKT samarbeidet med Vindafjord (EVIKT).



Budsjettet for IKT skal for 2022 dekkja personell kostnadar, kommunen sine kostnadar for leige av fibersamband, kjøp av PCer og serverar, lisensar til PC og serverar, Office 365 lisens. Nytt for 2022 er at også fagsystem skal dekkjast av IKT, budsjettmidlar som tidlegare var ute i einingane er overført til IKT.

For å vera førebudd på den rivande utviklinga som er innan IKT & digitalisering, har ein tilsett gått ut av vertskommunesamabeidet og over til i ei rein digitaliseringsstilling berre for Etne.

| Oversikt utstyr | | |
|-----------------|------|---------------------------------------|
| Beskriving | Tal | Ikkje støtta OS eller maks alder>5 |
| PCer | 436 | 0 |
| Servere | 210 | 5 |
| Nettbrett | 550 | 0 |
| Brukurar | 1360 | |

Service og fellesstenester

Service og fellesstenester består av servicekontor, politisk sekretariat og post/arkiv.

Arbeidsoppgåvane våre er retta ut mot publikum, innbyggjarane i Etne, politikarane og internt i organisasjonen.

Politiske sekretariat vil ha hovudfokus i året som kjem. Det blir gjennomgang av politiske reglement og rutinar m.m. Me vil også framover vera til hjelp til slik at dei tilsette føler seg trygge både i sakshandsaming og arkivering. Vidareutvikling av intranettseite og heimeside blir eit fokusområde.



2. Mål

| MÅL | Måltall | Kommuneplan |
|--|-------------------------|-----------------------------|
| Administrasjon | | |
| Det er generelt lågt sjukefråvære i einingane, og intensjonen er å halda dette låge nivået. | <3% | 8.6 |
| Mål for Lønn og Personal | | |
| Me skal ha trygge, rause og engasjerte medarbeidrarar med rett kompetanse i alle stillingar. Leiarane skal vera tydlege, inspirerande og motiverande ut frå felles verdigrunnlag og leifarfilosofi. | | 8.3 |
| Me skal vera del av ein lærande organisasjon, der arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen og medarbeidarane har merksemd på kontinuerleg forbetring. | | 8.4 |
| Me skal vera ein kommune med eit inkluderande arbeidsliv som har fokus på førebygging og tilrettelegging for tilsette og med eit mål om sjukefråvær på 4% eller lågare. Kommunen skal stimulere til fysisk aktivitet for dei tilsette. | | 8.6 |
| Etne kommune skal arbeida aktivt for å leggja til rette for lærlingar. | | 8.7 |
| Målindikator | | |
| Implementera og ta i bruk digitale personalmeldingar og timeregistrering i heile organisasjonen | 1,00 | |
| Medarbeidarundersøking i 2022 - svar % | >80% | |
| Medarbeidarsamtalar i heile organisasjonen | 80% | |
| Overordna rekruttering- og kompetanseplan | Ferdigstilt | |
| Sjukefråvære for Etne kommune | 4% | |
| Oppfølging av sjukmeldte i tråd med vedtatt rutine | 100 % | |
| Vernerundar i alle sektorar | 2 pr sektor | Kvar sektor må ha eigne mål |
| Lærlingstrategi | Jf. måltal i strategien | |
| Mål for Økonomi | | |
| Me skal ha økonomisk handlingsrom og ei berekraftig økonomistyring | | 9.1 |
| Me skal redusera etterslep på vedlikehald. Me skal til ei kvar tid ha ei oppdatert oversikt over behov for vedlikehald på kommunal eigedom. | | 9.2 |
| Enøk og inneklima er satsingsområde. Kommunen skal redusera straumforbruket med 10% innan 5 år. | | 9.3 |
| Målindikator | | |
| Auke i e-handel | 12% innan 2024 | |
| Iverksetting straumforbruk strategi | 01.des.22 | 9.3 |
| Utgående faktura - restanse | <5% | |
| Andel faktura godkjent innan forfall | 90 % | |
| Tilstrekkeleg likviditet | >1 | |
| Auke EHF i kommunen | >95% | |
| Mål for EVIKT | | |
| EVIKT skal ha høge ambisjonar for eit stabilt og oppdatert driftsmiljø og skal vera ein pådrivar for digitalisering i kommunen | | |
| Me skal ikkje ha utdatert og gamle PC'ar, serverar og nettbbrett | | 8.4 og 8.3 gjeld alle |
| Me skal ikkje ha PC'ar og serverar med usupportert Windows | | |
| Responsidat på hjelpp/brukarstøtte skal vera innanfor SLA | | |
| Målindikator | | |
| Del utstyr som er eldre enn oppgitt max alder | <1% | |
| Andelen usupportert Windows | <1% | |
| Del brot på SLA, respons i år | <6% | |
| Mål for Service og fellestenster | | |
| Folkevalde og medarbeidrarar samarbeider for at kommunen når sine mål og gir eit godt omdømme. | | 8.1 |
| Me skal vera del av ein lærande organisasjon, der arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen og medarbeidarane har merksemd på kontinuerleg forbetring. | | 8.5 |
| God sørvis skal ytast både mot innbyggjarar, næringsliv og andre medarbeidrarar. | | 8.4 |
| Målindikator | | |
| Vidareutvikla heimeside og intranettseite | 31.des.22 | |
| Gjennomgang av politisk reglement | 31.06.22 | |



7. Oppvekst og kultur

| Oppvekst og Kultur | ØKONOMI | | |
|--------------------|----------------|---------------|---------------|
| | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 |
| Netto driftsramme | 119 717 136 | 115 055 468 | 118 611 056 |

1. Innleiing

Barnehage, skule og kultur har oppgåva å vera med på å forma dei nye generasjonane av innbyggjarar i Etne. Det siste året har alle einingane hatt utfordringar me før ikkje har fått kjenna på. Det har vore nye oppgåver, fleire oppgåver og avstand mellom avdelingar i barnehagen og klassar i skulen. Målet for alle nå er å samla seg som eining. Me ynskjer å ha eit positivt bidrag til alle barn og unge, og ynskjer dette i samarbeid med både ungar og føresette. Det vert stilt større krav til pedagogane og det vert vist til at sjølv barnegruppa har ein større variasjon og mangfald enn før. Det er stadig snakk om kvalitet og kvalitetsmålingar og det vert forska meir nå enn tidlegare. Me jobbar for kvalitet kvar dag.

For å bli betre, må me vite kor me er og kor ein vil som sektor. Dette har me brukt tid på i samarbeidsmøta for oppvekst og kultur, men det må ut til alle for at me skal få til noko. Me har funne status. Me har sett oss mål og me har bestemt at me skal jobba i kollektive prosessar, noko som må til om me skal få til utvikling. Barn og unge vil møta einingar der ein heile tida vil vurdera sitt arbeid og justerer tiltak, retning og mål. Me skal ha eit profesjonelt blikk på alt det me gjer.

Alle leiarane i Oppvekst og kultur i Etne, helsejukepleiar, hovudtillitsvalt og PPT har samarbeidsmøte der me fokuserer på leiarutvikling for barnehage, skule og kultur (LBS). Det å samla alle gjer det lettare å få til eit betre samarbeid mellom barnehage og skule, men også til eit betre samarbeid rundt barna i kommunen. Me er fleire på laget, og skal me gjera det beste for barnet, så må alle på laget ha ei rolle, forstå si rolle og gi sitt bidrag inn i laget. Me har stor tru på at det er lurt å samla oss og setja fokus saman i arbeidet for læring og utvikling både på organisasjonsnivå, leiarnivå og einingsnivå.

Me skal arbeida fram gode rutinar, gode arbeidsmetodar og saman gjera oppvekst til ein endå betre sektor. Etne kommune har godt kvalifiserte arbeidstakarar som jobbar godt med både fag og miljøet til borna.

For barnevernet vil det vera ei endring i 2022. Det blir gjeldande ein ny reform, kalla oppvekstreform, noko som vil utfordra kommunen i det førebyggjande arbeidet, laget rundt borna. Eit mandat er laga og ei arbeidsgruppa jobbar for rigga kommunen til å møta denne reforma på beste vis.

Etne kommune har bestemt at me skal bruka 10-faktoren som eit verktøy. Her er det tatt med ti faktorar som er viktige for å oppnå mål og kvalitet i tenesta. Det er forska på kva som skal til for å motivera medarbeidarar og få henta ut det beste, og arbeid med desse faktorane vil vera viktig i arbeidet vårt vidare. Det vil bli ny undersøking for heile kommunen i starten av 2022.

Betre i det ordinære er noko som me skal jobba vidare med også i tida som kjem. Dette handlar i store trekk om innkludering og det å famna fleire i det ordinære i barnehage og skule. Me jobbar for å få ei felles forståing, styrka laget rundt borna og få til eit felles lyft for det enkelte barnet slik at tiltaka som må til, kan skje i det ordinære. Det er heilt avgjerande at me har eit godt samarbeid med heimen, og Stafettlogg er eit verkty me brukar i dette. Me treng at heim og eining står saman for at me skal finne dei beste løysingane. Ambisjonen for Oppvekst og kultur er *samarbeid heim og eining*. For å gjera samarbeidet med heimane og andre betre, brukar me altså Stafettlogg. Dette vil gjera det lettare for partane å sjå kva som vert laga av tiltak, og ein har oppretta ein dialog. Dette skal vera i bruk knytt til alle born med vedtak knytt til spesialpedagogisk hjelpe og det psykososiale miljøet.

I barnehage og skule brukar me brukarundersøkinga/elevundersøkinga til Udir. I skulane er ein godt kjent med elevundersøkinga, men me har også tatt i bruk foreldreundersøkinga for barnehagane.



Me ser at me har elevar som strevar med lesing, og kartleggingane våre for dei yngste viser at det har vore slik over ei tid. Me ynskjer å sjå på den første lese- og skriveopplæringa, sjå praksis opp mot nyare forsking, dela erfaringar og finna beste praksis.

Karakterane i standpunkt og til eksamen viser at elevane i Etne ligg om lag som landssnittet.

Pedagogtettleiken i barnehagane er på norma, medan lærartettleiken i skulen er betre enn landssnittet. Det har vore ein auke i lærarstillingar dei siste åra, og det vil bli eit nedtrekk for 2022 for å koma ned om lag på nivå slik det var skuleåret 2019/2020.

Me har fått pengar til lærebøker, og det er sett av pengar til lærebøker for dei neste året. Dette gler me oss over i skulane.

Deltaking i kulturskulen, ein hobby for livet, er noko me ser det vil vera endå viktigare å fokusera på i tida som kjem. Samarbeid mellom kulturskule og skule vil me forsterka i tida som kjem slik at me sikrar oss at me når ut til alle ungane i kommunen. Ungdomsrådet har ute ei undersøking om aktivitetstilbod som kan vera nyttig for kultur å orientera seg i. Kultureininga har hatt eit etterslep på planar, men her har det skjedd mykje, og det vil skje meir i tida som kjem. Det blir ikkje endringar i drift på biblioteket. Her er det stor aktivitet for heile kommunen.

Unge i Etne har høg gjennomføring, og ligg her godt over landssnittet sjølv om noko færre elevar gjennomførte vidaregåande opplæring i siste perioden enn i dei tre førre periodane. Høg gjennomføring i den vidaregåande skulen viser at skulane i Etne har lukkast med opplæringa.

SLT-koordineringsarbeidet har vore redusert gjennom året, men me har fått gjennomført Ungdata for våre elevar. Vidare skal det lagast ein plan som viser oppgåver og ansvar som skal liggja til SLT-koordinator.

Frivilligentralen gjer ein framifrå jobb på fleire hald i Etne. Dette ser me er viktig og me ynskjer å leggja til rette for eit godt samarbeid.

Kyrkja:

Det er blitt gjort fleire utbetringar dei siste åra i kyrkjene våre. Det vil vera eit mål å gjera ferdig det elektriske anlegget, oppvarming og brannsikring i nokre av kyrkjene. Utviding av kyrkjegardane vil også skje. Plan er laga, og ein ventar på godkjenning i frå statsforvaltaren.

2. Kapasitet og gjennomføring

Me ynskjer å få fleire i heile stillingar, og i den grad det er mogleg, så skal dette vera standarden. Ein ser at det er få menn i vår sektor, og spesielt i barnehage og blant dei yngste i skulen. Dette er ikkje typisk for Etne, men er gjeldande for heile landet.

Årsverk i barnehagane:

Desse modellane er laga for å visa korleis årsverka er fordelt i barnehagane.

Me viser også kva ressursar som ligg inne for hausten 2022. Lærlingar er ikkje medrekna.

| Enge barnehage | Adm | Pedagog | Assistent | Barne- og ungd.arbeidar | Samla årsverk |
|----------------|-----|---------|-----------|-------------------------|---------------|
| 2021/2022 | 1,6 | 11 | 6,4 | 10,8 | 29,9 |
| 2022/2023 | 1,6 | 9 | 5,8 | 10,8 | 27,2 |

Enge barnehage ligg inne med ein reduksjon for neste barnehageår. Det er eit lite barnekull som er fødd i 2021, og me har rigga om for å møta denne utfordringa.



| Skånevik barnehage | Adm | Pedagog | Fagarbeidar | Assistent | Samla årsverk bgh |
|--------------------|-----|---------|-------------|-----------|----------------------|
| 2021/2022 | 0,8 | 3 | 3,7 | 1,4 | 8,9 |
| 2022/2023 | 0,8 | 3 | 3,7 | 1,4 | 8,9 |

I Skånevik går det fem born over til skule, og me forventar at me klarer å fylla opp dei plassane i barnehagen til hausten. Det er fødd få ungar også i Skånevik 2021. Av det samla årsverket blir eit årsverk brukt til styringsressurs etter § 37, for barn med nedsett funksjonsevne.

I Skånevik barnehage vil det vera stengt to veker sommaren 2022. Det har vore lite behov for open barnehage i fleire år. Dette har vore ein prosess som har inkludert føresette, tillitsvalt, verneombod, dei tilsette og FAU/SU.

Spesialpedagogisk team utgjer ei ressurs på 280 prosent. Denne ressursen blir fordelt på våre tre barnehagar.

Barnetal i barnehagane pr årskull: (diagram pr. 1. oktober)

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Født pr 1. 10.2021 |
|---------------------|------|------|------|------|------|-----------------------|
| Enge barnehage | 29 | 17 | 25 | 19 | 9 | 0 |
| Småfolk barnehage | 20 | 21 | 17 | 17 | 9 | 0 |
| Sum Enge/Småfolk | 49 | 38 | 42 | 36 | 18 | 0 |
| Born i Etne | 50 | 39 | 40 | 37 | 23 | 16 |
| Born utan bgh-plass | -1 | -1 | 2 | -1 | -5 | -16 |
| Born i Fjæra | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 |
| Skånevik bgh | 5 | 7 | 9 | 6 | 2 | 0 |
| Born i Skånevik | 6 | 7 | 10 | 7 | 6 | 4 |
| Born utan bgh-plass | -1 | 0 | -1 | -1 | -4 | -4 |

Det er ledig kapasitet i alle barnehagane og me har til nå i år, oktober 2021, eit svært lite kull. Dette betyr at me har ein planlagt omorganisering og eit nedtrekk i vente for å møta dei nye utfordringane me har med låge barnetal.

Årsverk i skulane:

Desse modellane er laga for å visa korleis årsverka er fordelt i skulane. Me viser også kva ressursar som ligg inne for hausten 2022. Læringane er ikkje medrekna. Bemanning knytt til SFO og fem dagar er noko me må sjå meir på når me ser kor mange born som ynskjer behov.

| Enge skule | Adm | Lærar Pedagog | Assistent skule | Assistent SFO | Kontor | Samla årsverk |
|------------|-----|---------------|-----------------|---------------|--------|---------------|
| 2021/2022 | 3,4 | 46,5 | 7,4 | 3,3 | 0,8 | 61,4 |
| 2022/2023 | 3,4 | 43,5 | 6,4 | 4,3 | 0,8 | 58,4 |

Det er tenkt eit nedtrekk og forflytting av ressursar på Enge skule frå hausten 2022.

| Skånevik skule | Adm | Lærar Pedagog | Assistent skule | Assistent /ressurs SFO | Kontor | Samla årsverk |
|----------------|-----|---------------|-----------------|---------------------------|--------|---------------|
| 2021/2022 | 1,3 | 14,0 | 1,3 | 0,7 | 0,5 | 17,8 |
| 2022/2023 | 1,3 | 14,0 | 1,8 | 0,7 | 0,5 | 17,8 |

Det er ikkje planlagt noko endring for Skånevik skule frå hausten 2022.



Elevar i grunnskulen pr årskull: (diagram pr. 1. oktober)

| | 20/21 | 21/22 | 22/23 | 23/24 | 24/25 | 25/26 | 26/27 | Kommentar |
|----------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|---|
| Sum skule | 496 | 498 | 509 | 518 | 525 | 521 | 505 | Ledig kapasitet |
| Enge skule | 389 | 392 | 405 | 415 | 419 | 421 | 402 | Ledig kapasitet |
| Skånevik skule | 107 | 106 | 104 | 103 | 106 | 100 | 103 | Ledig kapasitet |
| Kultur | 80 | 75 | | | | | | Skulekorpset kjem i tillegg til dette talet. Har ledig kapasitet. |

Tala for skulane viser jamne tal dei neste åra, men me veit me har litt lågare tal i vente. Det er ledig kapasitet på begge skulane, også i kulturskulen. Både Skånevik skule og Enge skule har fått nye elevar, tilflyttarar, i løpet av hausten 2021. I Skånevik er det nå 111 elevar, medan det på Enge er 394 elevar med fleire i vente.

Gjennomføring vidaregåande opplæring:

| År | 2012-2014 | 2013-2015 | 2014-2016 | 2015-2017 | 2016-2018 | 2017-2019 |
|--------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Heile landet | 73 | 73 | 74 | 75 | 77 | 77 |
| Vestland | 74 | 75 | 76 | 77 | 78 | 78 |
| Etne | 78 | 78 | 83 | 87 | 89 | 86 |

Me har god gjennomføring av vidaregåande opplæring.

Barnevernet:

2022 er eit år der det blir gjeldande ein ny reform, oppvekstreforma, som gir kommunane meir ansvar for det førebyggjande arbeidet, og me må rigga laget vårt godt rundt barn og unge. I Etne har me sett ned ei arbeidsgruppa som jobbar med dette. Det er laga eit mandat, og leiagruppa i kommunen er styringsgruppa for mandatet. Noko av arbeidet her vil vera å sjå kva me har av tiltak og ordningar, kva me treng av tiltak og ordningar, og også om me har tiltak og ordningar som me ikkje treng. Det skal så lagast ein plan og forslag for korleis me skal møta den nye reforma på beste vis i vår kommune.

Det er ei forventing om ei auke i ramma knytt til dette frå sentralt hold. Me har auka ramma noko, og me tar med oss ei forståing for ein høgare risiko i 2022.

PPT:

PP-tenesta har samla 6,5 årsverk i Etne og Vindafjord kommune. Meld.St 6 (2019-20) «Tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO», NOU 2019:23 og arbeid med ny opplæringslov som skal tre i kraft frå 01.08.23, gjev utviklingsretning for eigar, barnehage/skule og PP-tenesta. Regjeringa har gjort vedtak om at individuell rett til spesialpedagogisk hjelpe og spesialundervisning skal vidareførast. PP-tenesta er tett på barnehagar og skular og har ein nøkkelrolle på "laget rundt barnet". Det vert ei utfordring å møta utvida statlege forventningar til tenesteyting med støtte til barnehage og skule knytt til tidleg innsats, intensive tiltak, inkludering og tverrfagleg samhandling med stillingsvolumet tenesta har i dag, dersom tenesta på same tid får tilvist like mange personsaker og får bestilling på like mange sakkunnige vurderingar som i dag.

Statped skal byggja ned tilbodet til kommunar og kommunen/PP-tenesta skal overta oppgåver Statped tidlegare har gjeve. PP-tenesta har også fått utvida oppgåve knytt til å bidra i tidleg innsats, vera med å byggja kompetanse i barnehage og skule, vera ein aktiv samarbeidspart som "laget rundt barna" i tillegg til å vera sakkunnige faginstans for opplæring.



3. Mål

| MÅL | Måltall | Kommuneplan |
|---|--|-------------|
| Oppvekst og Kultur | | |
| Felles for oppvekst | | |
| Me skal arbeida for at barn og unge utviklar ei god fysisk, psykisk og sosial helse. | | 2.1 |
| Me skal arbeida for at alle barn og unge får utnytta ressursane sine og bli godt inkluderte i det ordinære oppleget i barnehage, skule og SFO. | | 2.2 |
| Me skal arbeida førebyggjande mot mobbing, overgrep, rusmisbruk, vald og kriminalitet. Det skal vera null-toleranse for mobbing. Me skal oppretthalda politiråd, SLT og vidareføra samhandlingsplan med politi. | | 2.3 |
| Me skal arbeida tverrfagleg og i samarbeid med heimane for å hjelpe familiarer, barn og unge som treng ekstra oppfylging. | | 2.4 |
| Det generelle fråværet knytt til sjukdom i personalet i sektoren går ned. | Måling kvar månad | 8.6 |
| Målindikator | | |
| Auka tal Stafettloggar som er aktive. Alle barnehagar og skular skal bruka dette verktyet i samarbeid med heimane og i det tverrfaglege samarbeidet. | Alle barn og unge med vedtak knytt til Barnehagelova §19a og 19g, og Opplæringslova § 5.1 og 9a. | |
| Auka tal aktivitetsplanar knytt til mobbing i barnehage og skule | Ei auke | |
| Halda gjeldande norm for pedagogettleik i barnehage. | Måling juni | |
| Pedagogettleiken er på norma i barnehagen. | På norma i bhg | |
| Ein god start, med ei auke i lærartettleiken for dei yngste i skulen. | GSI | |
| Auka delen av lærartimar til ordinær opplæring i skulen. Utrekna her er forholdet mellom sum årstimar og timer til ordinær undervisning. | Ei auke | |
| Etne kommunestyre ber om ei sak, rundt aktuelle oppgåver innan helse/oppvekst som kan innlemmas i SLT-stillinga. Ein skal mellom anna vurdera om det kan vera føremålstenleg å flytta oppgåver frå MOT og vidareføra Av og Til-satsinga som del av SLT. SLT-stillinga innehar viktig kompetanse innan rusfeltet, og det er viktig at denne stillinga blir kopla opp mot alle tenester og oppgåver der denne kunnskapen er relevant. | Sak levert kommunestyre | 2.3 |
| Gjennomføra UngData i kommunen kvart 3.år. | Vår 2024 | |
| Gjennomføra «Ung i Etne» for elevane i 7. trinn | Vår 2024 | |
| Mål for Skule | | |
| Skulen skal ha høge ambisjonar og eit godt læringsmiljø som sikrar at alle elevane får utnytta sine moglegheiter | | 2.7 |
| Karaktersnittet skal ligga på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar. Det er eit mål å auka talet på elevar som får minst 30 grunnskulepoeng | | 2.8 |
| Skulane skal arbeida systematisk med å skapa trygge elevmiljø gjennom mobbeførebyggjande tiltak og arbeid med MOT | | 2.9 |



| Målindikator | | |
|--|--|-----|
| Del elevar som trivs, kjenner støtte frå lærar, meistring, arbeidsro, motivasjon og medverknad (Elevundersøkinga) skal aukast over tid. | Måling januar. Grønt nivå (4,1) | |
| Ingen elevar skal oppleva mobbing (målt i Elevundersøkinga). | Måling januar. Grønt nivå (4,1) | |
| Karaktersnittet skal liggja på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar. | Måling juni.På eller over nasjonalt snitt | |
| Del elevar som presterer på lågaste nivå ved dei nasjonale prøvane skal reduserast over tid. | Måling oktober | |
| Grunnskulepoenga for elevane (karaktersummen ved avslutning for 10.klasse) viser ei positiv utvikling over tid. | Måling juni. | |
| Tal vedtak knytt til spesialpedagogiske tiltak skal reduserast over tid. | Måling juni. 8 % våren 2022. | 9.3 |
| Del nøgde brukarar skal aukast over tid (Foreldreundersøkinga til Udir) knytt til samarbeid om læring og utvikling, trivsel, motivasjon. Foreldreundersøking anna kvart år. | Måling januar. Grønt nivå (4,1) | |
| Brukarsundersøking på SFO med fokus på tryggleik og trivsel. | Årleg. Presentasjon for SU | |
| Sikra ein god overgang mellom barnehage og skule. | Måling september. Evaluering i barnehage og skule | |
| Mål for Barnehage | | |
| Barnehagane skal ha eit godt læringsmiljø, tilsette med god fagleg kompetanse og høge ambisjonar. Etne kommune skal ha ein felles standard for tenester i dei kommunale barnehagane. Standarden skal sikra eit godt pedagogisk tilbod. | | 2.5 |
| Full barnehagedekning for alle barn 0-6 år, med minimum 2 opptak i året. | | 2.6 |
| Målindikator | | |
| Del nøgde brukarar skal aukast over tid (Foreldreundersøkinga til Udir) knytt til samarbeid om læring og utvikling, trivsel, relasjon barn og vaksne og deling av informasjon. Foreldreundersøking anna kvart år. | Måling i januar. Grønt nivå. | |
| Ingen barn skal oppleva krenking eller mobbing i barnehagene. | Måling januar. Grønt nivå. | |
| Deltakinga i barnehagene skal over tid være stabilt over 85%. | Måling juni. | |
| Del barn på venteliste. | Måling juni. Tilbod til alle. | |
| Sikra ein god overgang mellom barnehage og skule. | Måling september Evaluering i barnehage og skule | |
| Mål for Kultur | | |
| Kulturskulen skal ha eit variert og godt kjent tilbod. | | 3.1 |
| Turstiar skal registrerast i kart som vil vera tilgjengelege via kommunen sine nettsider. Arbeidet skjer i samråd med grunneigarar. | | 3.2 |
| Me skal i saman med andre aktørar ta vare på og utvikla eksisterande og nye frilufts- og friområde. | | 3.3 |
| Kommunen skal vera aktiv med å leggja til rette for, og støtta opp om, kultur- og idrettsarrangement. | | 3.4 |
| Biblioteket vert nytta som ein arena for samfunnsinformasjon og debatt. | | 3.5 |
| Kommunen byggjer opp om frivillig arbeid kring kulturen og er positiv til private initiativ. Initiativ til å ta vare på, og formidla, kulturhistoria og frivillig arbeid for uorganisert ungdom er særleg ynskte tiltak. | | 3.6 |
| Me arbeider for vidareformidling og opplysningsarbeid for den kulturelle arva. Barn og unge er særleg målgrupper for formidlingsarbeidet. | | 3.7 |
| Målindikator | | |
| Fullføre planarbeid innan kultur - kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, kulturminneplan og bibliotekplan. Det er også eit mål å laga ein overordna kulturplan. | Plan ferdig | |
| Sikra lokalhistorisk materiale (K-059/18) | Arbeid ferdig | |
| Del nøgde brukarar i kulturskulen skal aukast over tid (Brukarundersøking) knytt til samarbeid om læring og trivsel, relasjon barn og vaksne og dialog og deling av informasjon. Brukarundersøking anna kvart år. | Måling mai 2022 | |



8. Helse og Omsorg

| Helse og Omsorg | ØKONOMI | | |
|-------------------|----------------|---------------|---------------|
| | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 |
| Netto driftsramme | 128 758 532 | 118 230 991 | 124 301 427 |

1. Innleiing

Helse og omsorg er organisert i 2 eininger som rapporterer til kommunalsjef ; eining helse og eining pleie og omsorg. I tillegg har kommunalsjef ansvar for oppfølging av interkommunale samarbeid/vertskommuneavtalar som NAV, legevakt, ØHD og krisesenter. Tenesteområdet yt helse- og omsorgstenester til menneske i alle aldrar og innanfor dei fleste helsefaglege område. Viktige nyare føringar er mellom anna beskrive i Omsorgsplan 2020, St. meld 26 (2014-2015) Framtida si primærhelseteneste: «Nærhet og helhet» , demensplan 2025 og eldrereforma «Leve hele livet».

Tenesteområda i Helse og omsorg:

- Tenestekontor for vurdering og tildeling av helse- og omsorgstenester.
- Institusjonsdrift(sjukeheim)
- Tenester til heimebuande inkl. dagtilbod for demente, bu-tenester til personar med t.d. utviklingshemming og heildøgns bu-tenester til eldre.
- Legetenester
- Psykisk helse- og rustenester
- Fysio- og ergoterapitenester
- Helsestasjon-, skulehelseteneste- og jordmorteneste

Etter innføringa av samhandlingsreforma er det ei forventning om at kommunane i større grad enn tidlegare tar ansvar for helsehjelp og omsorgsoppgåver til svært sjuke pasientar. Dette set store krav til kompetansen til helsepersonellet og kommunen sin kapasitet til å ivareta pålagte oppgåver. Nasjonale styresmakter peikar på følgjande hovudutfordringar i åra som kjem:

- At det vert fleire yngre brukarar med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne
- At det vert fleire eldre kombinert med mangel på tenesteytarar
- At det trengs betre medisinsk tverrfagleg samarbeid for å sikra koordinerte tenester
- At det er behov for å førebyggja og avgrensa meir - og behandla mindre
- Det må leggjast meir vekt på aktivitet i omsorg og på å møta psykososiale behov

Ein ser ein positiv trend i at fleire personar som kjenner behov for oppfølging for utfordringar med si psykiske helse og tek kontakt med tenesta tidleg. Dette gjeld både barn og vaksne. Utfordringsbilete er at det tidvis kan vera ventetid for å få tilbod om støttesamtalar/terapi.

Dei siste 2 åra har det vore eit press på tenestene i eldreomsorga m.a. grunna unormalt låge dødstal og omfattande behov for helse og omsorgstenester i befolkninga. I 2021 vart det gjort tiltak for å redusera presset på m.a. behov for institusjonsopphald og det vart gjort eit mellombels tiltak ved å gjera om 3 heildøgnbemannata bustader til institusjonsrom ved Etne omsorgssenter. Dette førte til at me har tatt imot dei fleste utskrivingsklare pasientar og fleire har fått tilbod om korttidsopphald. Vurderinga vår er at det er behov for å gjere denne løysinga fast frå 2022.



Folkehelseoversikta og fleire brukarundersøkingar peikar på at psykisk helse framleis må vera satsingsområde for barn og unge. Me skal derfor fortsetja å ha fokus på dette. Prosjekt "Psykisk helseteam for ungdom og pårørande" vil fortsetja i 2022.

2. Kapasitet og gjennomføring

| Årsverk/tal tilsette | | | |
|----------------------|----------------|--------------|--------------|
| Eining | Årsverk | Lærling | Omsorgslønn |
| Overordna | 1,8 fastlønn | 0,38 årsverk | |
| Pleie og omsorg | 83,68 fastlønn | 1,53 årsverk | |
| Helse | 41,26 fastlønn | 0,3 årsverk | 0,75 årsverk |

Helse og omsorg skal arbeida for å auka heiltidsstillingar. Sektoren skal i 2022 vera ein del av prosjektet "deltid-heiltid". Rekruttering av sjukepleiarar og fagarbeidarar til ledige stillinger skal vera ei satsing dette året der me skal i større grad skal marknadsføre oss som ein attraktiv arbeidsplass.

For å få rekruttert sjukepleiarar har me inngått avtale om eit ekstra rekrutteringstilskot for 10 sjukepleiarstudentar i PLO som har arbeidsavtale med helg og sommarvikar i minimum 5 veker. Dette er òg eit tiltak for å redusera bruk av vikar og overtid.

| Kapasitet & gjennomføring | | | | | |
|--|--------------------------------------|-----------|-------------|-------------|---|
| Beskriving | Type | Kapasitet | Belegg 2021 | Belegg 2022 | Info. |
| Etne Omsorgssenter | Institusjon langtid/korttid | 33 | 33 | 33 | 27 langtidsrom og 6 korttidsrom |
| Heildøgnbemann a bustader for eldre-Etne | Omsorgsbustad med heildøgnbemann ing | 7 | 6(7) | 7 | Fast reduksjon av tal bustader frå 10 til 7. Bustader blir omgjort til institusjon. |
| Heildøgnbemann a bustader for eldre-Skånevik | Omsorgsbustad med heildøgnbemann ing | 14 | 13/14 | 12 | Det er totalt 14 rom der 2 disponibele rom som kan nyttast fleksibelt ved behov. |
| Etne bustadskiping | Omsorgsbustad | 20 | 18 | 18 | 10 bustader skal pussast opp når det blir ledig. |
| Gjerdsrabbane I | Omsorgsbustad | 3 | 2(3) | 2 | |
| Gjerdsrabbane II | Omsorgsbustad | 8 | 7 | 8 | 2 bustader vert brukt til avlastnings-tjenester |
| Gjerdsrabbane bufellesskap | Omsorgsbustad | 5 | 5 | 5 | |
| Tusenfryd Skånevik | Omsorgsbustadar | 6 | 1 | 0 | Stiftinga melder at det truleg ikkje vil vera mogleg for utleige i 22 |



| Kapasitet og forventning Helse | | | | | |
|-----------------------------------|--|--|---|--------------------|--|
| Beskriving | Type | Kapasitet | Belegg 2021 | Belegg 2022 | Info. |
| Fastlegar | Legetenester | Listekapasitet er 4300. Ledig per oktober 223 plasser. | 5 fastlege heimlar (+1 deleliste) | 7 fastlege heimlar | Auken av fastlegeheimlar er gjennomført som del av budsjett 2021 |
| Psykisk helse/rus | Lågterskel/ førebygging og behandling | Spesialsjukepleiar 3x80% Miljøterapeut rus 50% Miljørabeidar 120% Psykologtenester 20% | | | Psykologtenester er utfordrande å rekruttere til. |
| Helsestasjon og skulehelsetenesta | Helsefremjande og førebyggande arbeid. Gravide, born og foreldre. | Jordmor 20% Lege 20% Helsesjuke-pleiar 300% | | | |
| Ergo- og fysioterapitenesta | Førebyggjande, helse-fremjande arbeid og behandling. | Fysioterapeut 220% Driftstilskot 200% Ergoterapeut 50% Kvardags-rehabilitering 70% | | | Styrking av fysioterapeutstillinga for å kunne rekruttere og møte behov i tenesta. |
| Kommuneoverlege /smittevernlege | Ansvar for helsefagleg rådgivning med vekt på folkehelse, førebyggjande helsearbeid, oversiktsarbeid ift helse, miljøretta helsevern, helsemessig beredskap og smittevern. | Kommuneoverlege og smittevernlege 50% | Mellom 50 og 100% behov i periodar grunna pandemi | 50 % | |
| Legevakt | Helseberedskap | Alle fastlegar deltek i daglegevakt og interkommunal legevakt med Vindafjord. Kjøper tenester av Haugesund legevakt i tidsrommet 23.00-08.00 | | | |



| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2025 | 2030 | 2050 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 80-89 år | 173 | 166 | 172 | 175 | 181 | 226 | 279 | 396 |
| 90-99 | 54 | 58 | 62 | 59 | 60 | 57 | 62 | 156 |
| 100 år+ | 2 | 2 | 1 | 4 | 3 | 2 | 0 | 6 |

Historiske tal og befolkningsframskrivning frå ssb

Pleie og omsorg

Pleie og omsorg har dei siste åra hatt ein auke i tal innbyggjarar med omfattande behov for helse- og omsorgstenester. For å kunne ivareta desse behova er det gjort strakstiltak i tillegg til at kommunen er i gong med å lage ein plan for pleie og omsorg. Den skal leverast våren 2022.

Det er gjennomført ein prosess med omorganisering av eininga innanfor økonomisk ramme for fastlønnnsbudsjett i 2021. Bakgrunn for omorganiseringa var utfordrande leiingstruktur og å få på plass bemanningsplanar som skal møte dei behova som er. Eininga har auka frå 2 til 4 avdelingar og det er gjennomført ein omfordeling av personalressursar. Det er flytta personalressursar frå institusjonsdrift til heimetenesta (heildøgnbemanna bustader) og demensomsorga.

Pleie og omsorg skal arbeida vidare med å få rekruttert i ledige stillingar. Me skal vera ein attraktiv arbeidsstad med høg grad av trivnad hos tilsette og brukarar/bebuarar. Det skal jobbast med å få ein stabil grunnbemanning for å motverke slitasje hos tilsette, meirkostnader til vikarbyrå og overtid. Døme på tiltak som vil bli sett i gong er fast tilsetting/auke i stilling som "vikarpool" som skal dekka inn vakter som er ledige.

Heimetenesta og heildøgnbemanna bustader for eldre

Etableringa av heildøgnbemanna bustader for eldre har utfordra tenestene sidan oppstart i 2018. Det er liten forskjell på utforminga av bustaden jamfør institusjon, og mykje av drifta kan ein i stor grad samanlikna med institusjon. Erfaringa frå oppstart er at bebuarar blir institusjonaliserte og får større omsorgsbehov etter kort tid. Då me tidlegare år ikkje har hatt ledig kapasitet i institusjon for langtidsopphald, så har me ikkje kunna tilbydd institusjonsplass og pleietyngda har dermed auka i tenesta. I 2021 har det vore betre kapasitet i institusjon, men det har vore utfordrande å få flytta bebuarar frå dette omsorgsnivået til neste i omsorgstrappa. Det handlar i stor grad om at bebuarar kjenner seg ivaretatt og at me leverer tenester i større grad enn me har planlagt for. Det vil ta tid å snu forventningane frå både tilsette, pårørende og bebuarar, og me vil bruke 2022 til å implementere ny tenestestandard for dette omsorgsnivået. Det betyr òg at me har styrka bemanningsfaktoren for å motverke behov for ekstrabemannning. Dei som arbeider med leigetakrar av "bemanna heildøgnbustader" er tilsett i heimetenesta, og styrkinga av bemanningsfaktoren kan nyttast der det er behov til ei kvar tid.

Omgjering av 3 heildøgnbemanna bustader til institusjon

Det vart i 2021 gjort tiltak for å kunna ta imot utskrivingsklare pasientar til korttidsopphald. 3 heildøgnbemanna bustader ved Etne omsorgssenter vart omgjort til institusjonsrom. Dette har ført til at dei fleste utskrivingsklare pasientar er ivaretatt av kommunen og kostnad for døgnmulkt til helseføretaket er redusert. Erfaringar frå dei siste åra viser at det er nødvendig å gjera om 3 heildøgnbemanna bustader til institusjonsrom for korttidsopphald for å kunna ta imot utskrivingsklare pasientar. Kostnad er dekka innanfor budsjettetramma.

Førebyggjande heimebesøk for eldre

Kommunen starta opp med tilbod om "førebyggjande heimebesøk" til alle 80-åringar i 2021. Dette skal vidareførast og implementerast i 2022. Målet er at flest mogleg takkar ja, slik at kommunen sine 80-åringar har større kjennskap til kva ein kan gjera for å kunne bu så lenge som mogeleg i eigen heim.



Velferdsteknologi

Etne kommune skal i 2022 implementera velferdsteknologiske løysingar som er skaffa gjennom interkommunalt samarbeid på Haugalandet. Haugalandkommunane har framleis samarbeid om velferdsteknologi, og har tilskotsmidlar til å finansiera oppgåver knytt til samarbeidet også i 2022. Det er Karmøy kommune som leiar samarbeidet vidare. Me vil i vår kommune byggja opp kompetanse om velferdsteknologi til våre tilsette og innbyggjarar som har behov for tenester.

Kvardagsrehabilitering

Kommunen ønskjer å satsa vidare på kvardagsrehabilitering for å kunna støtta innbyggjaren i å kunne bu lengst mogleg heime sjølv om ein har eit byrjande funksjonsfall. Det er ei tidsavgrensa oppfølging, der innbyggjar kan få støtte, rettleiing og trening i eigen heim, for å meistra kvardagen sin betre. Eit team med fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar skal hjelpe innbyggjaren. Fokuset er trening i daglege gjeremål i eigen heim, og utgangspunktet er kva innbyggjaren tykkjer er viktig for å meistra kvardagen.

Helse

Friskliv, læring og meistring

Tilbodet skal vera ein integrert del av helsetenestene både i form av individuell og gruppebasert oppfølging. Tverrfagleg team med kompetanse frå fysioterapi, psykisk helse og helsestasjon. Tilboda skal rette seg mot pasient/bukar og pårørande.

Miljøarbeidstenesta

Det er ei auke i tal yngre brukarar som har behov for helsetenester, praktisk bistand/opplæring og avlastning. For å kunna levera tilboda har me styrka grunnbemannning.

Psykisk helse og rustenester

Det vil vera behov for å rekruttere til stillingar som vil bli ledige dette året. Det vil vera ein prosess saman med dei tilsette og administrasjon for korleis ein best mogleg kan organisera tenesta ift. brukarbehov og rekrutteringsmoglegheiter.

Det skal gjennomførast brukarundersøking i tenesta.

Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmor

Kommunen vil fortsetja satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta for å møta dei utfordringane som borna våre syner gjennom t.d. Ungdata. Det vil i tillegg vera eit prosjekt knytt til pårørandestøtte med tilskotsmidlar frå Bufdir. Dette prosjektet er finansiert ut 2022. Prosjekt «psykisk helseteam for ungdom mellom 12 og 18 år» blir vidareført med tilskotsmidlar. Psykisk helseteam for ungdom vil òg ha tilbod om pårørandestøtte. Jordmorstillinga vil bli ledig i 2022, og det er behov for å rekruttera. Det er tilskotsmidlar til å ha 40 % stilling ut år 2022. Kommunedirektøren ser behov for å sjekka ut om det er føremålstenleg å samarbeida med andre kommunar om tenestene. Det vil komma politisk sak om dette i 2022.

NAV Vindafjord- Etne

Økonomisk sosialstønad

Ei av utfordringane til Nav er auke i økonomisk sosialstønad grunna endring i arbeidsmarknaden og auke i levekårs-utfordringane blant dei mest utsette gruppene. Inntektsutviklinga dei siste åra og den forventa utviklinga på arbeidsmarknaden forsterkar inntrykket av fattigdomsproblem og levekårsutfordringane for dei komande åra. Situasjonen tyder på at delen med låg inntekt blant barn, ungdom og unge vaksne samt innvandrarar vil auka. I 2018 vart det gjort endringar på den statlege ordninga arbeidsavklaringspengar (AAP). Dette går ut på at det mellom anna vert eitt år kortare tid i AAP ordninga, samt strengare inngangsvilkår. Dette ser me allereie no slår ut på utbetaling av økonomisk sosialstønad.



Det vil komme ei sak til politisk handsaming i 2022 om moglegheiter for lønstillskot for økonomisk sosialhjelp for utsette grupper som ikkje kjem seg i arbeid eller kvalifiserer for uførretrygd.

Tiltak og aktivitetsplikt

NAV sitt hovudfokus er å få folk i arbeid. Me jobbar aktivt for at ingen skal gå passivt på ytingar. Me ser at det å få folk i aktivitet og arbeidsretta tiltak er bra, og det har ein stor effekt i forhold til å koma seg tilbake i arbeidslivet. Kommunane er pålagt å setja i gong tiltak som kvalifiseringsprogrammet (KVP) og aktivitetsplikt for sosialstønadsmottakarar under 30 år.

NAV Vindafjord etablerte FRAM hausten 2016, som eit tiltak for unge vaksne som mottar økonomisk sosialhjelp. I 2019 opna me opp for at andre aldersgrupper og ytingar kan nytta seg av FRAM, då me ser at det er fleire grupper som kan ha god effekt av å delta. Deltakarane på FRAM har samlast 3 dagar i veka, men frå oktober 2021 vil me auka opp til fem dagar i veka. Dagen startar med felles frukost for så å jobba med ulike tema. Døme på tema kan vera livs-meistring, kosthald og fysisk aktivitet, personleg økonomi, eigenmotivasjon mot utdanning/arbeid, trening på jobbintervju, CV- skriving og jobbsøknader m.m.

I tillegg er Vaktmeisterteamet eit tiltak NAV kan nytta seg av. Me har utfordringar med at ikkje alle passar inn i dei tiltaka me har, og me ser eit behov for fleire kommunale lågterskeltilbod for at brukarar skal ha noko å gå til og få førebu seg til arbeidsretta tiltak. Det er spesielt i kvalifiseringsprogrammet me har utfordringar med å finne passande aktivitetar, men og i forhold til unge sosialhjelppsmottakarar. NAV har fått innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren, og me har tilsett ein aktivitetskoordinator som skal jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet.

Den største innsparinga hos NAV er å få folk ut i arbeid. Dette er ein vinn- vinn situasjon for kommunen, mindre utgifter på sosialstønad, samt at kommunen får fleire skatteinntektarar. For at me skal lukkast med dette må kommunen investera i fleire tiltak og verkemiddel, slik at fleire kjem seg ut i lønna arbeid.



3. Mål

| MÅL | Måltall | Kommuneplan |
|---|--------------------|-------------|
| Helse og Omsorg | | |
| Me skal vektlegga førebygging og folkehelse, det er eit mål at den einskilde skal ta vare på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdige tilbod i alle livsfasar. | | Kap. 4 |
| Målindikator | | |
| Plan for PLO | 100 % | |
| Heilskapleg plan for helse og omsorg | 100 % | |
| Redusera sjukefråværet fra 2021 nivå. Eigne måltal for kvar avdeling | | 8.6 |
| Planlagt bruk av vikarbyrå til ferieavvikling | | 9.1 |
| Redusera bruk av overtid frå 2021 nivå | | 9.1 |
| Delta i prosjekt "deltid-heiltid for kommunen". | | |
| Brukundersøking skal gjennomførast i eining helse-miljøarbeidstenesta og psykisk helse og rustenesta | 1 i løpet av året | 8.5 |
| Kommuneoverlege/smittevernlege: Planarbeid-Smittevernsplan | 100 % | |
| Kompetanseplan for helse og omsorg | 100 % | 8.3 |
| Mål for PLO | | |
| Byggja nytt omsorgssenter i Etne i planperioden for å ta i vare sjuke i eigen heim når det ikkje lenger let seg gjera å oppretthalda ei forsvarleg helseteneste i heimen | | 4.1 |
| Målindikator | | |
| "Leve heile livet" - Implementering av plan jamfør tiltaksliste | 100 % | |
| Pleiefaktor(tal pasientar/tilsette) institusjon avd 2 | 0,87 | |
| Pleiefaktor institusjon avd 1 | 1,05 | |
| Tal rom institusjon: korttid/rehabilitering/avlastning | 8 rom | |
| Tal rom institusjon: langtid | 26 rom | |
| Tal døgn som «overliggar» for Etne sine utskrivingsklare pasientar skal max vera | 32 døgn | |
| Redusera bruk av ekstrabemannning frå 2021-nivå | | |
| Alle stillingar i grunnbemanning over 20% skal vera rekruttert til | | |
| Sjukefråvære skal vera 6%. Målast kvar mnd | 6 % | |
| Mål for Heimetenesta | | |
| Etne kommune satsar på heimebaserte tenester ved å nytta kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Det er eit mål at flest mogleg bur lengst mogleg i eigen heim | | 4.2 |
| Etne kommune bør oppretta eit dag-/aktivitetstilbod for heimebuande demente. | | 4.6 |
| Målindikator | | |
| Minimum antall brukarar av velferdsteknologi som har tatt i bruk: | | |
| o Tryggleksalarm | 75 stk | 4.2 |
| Røykvarslar | 90 stk | 4.2 |
| o Medisindispensar | 8 stk | 4.2 |
| o Digitalt tilsyn | 4 stk | 4.2 |
| o Lokaliseringsteknologi | 6 stk | 4.2 |
| o Bevegelsesesensorar | 6 stk | 4.2 |
| Gevinstrealisering velferdsteknologi: Spart tid/unngått besøk. | Fire gonger per år | 4.2 |
| Minimum tal brukarar som har tenesta kvardagsrehabilitering | 10 brukarar per år | 4.2 |
| Alle 80-åringar får tilbod om førebyggjande heimebesøk | 100 % | 4.2 |
| Tal som takkar ja til førebyggande heimebesøk | 60 % | 4.2 |
| Belegg i omsorgsbustadar | | |
| o Etne Bustadskiping | 18/20 | |
| o Gjerdsrabbanne burettslag | 10/11 | |
| o Gjerdsrabbanne bufelleskap | 5/5 | |
| o Heildøgnsbemannna bustad for eldre-Skånevik | 12/14 | |
| o Heildøgnsbemannna bustadar for eldre-Etne | 7/7 | |
| Bemanningsfaktor heildøgnsbemannna bustadar for eldre | | |
| o Grunnbemannning Etne: inkl 3 institusjonsplassar(totalt 10 rom) | 0,58 | |
| o Grunnbemannning Skånevik: (totalt 12 rom) | 0,6 | |
| Bemaningsfaktor dagsenter for demens | 2 tilsette per dag | |



| Mål for Helse | | |
|---|-----------------|---------|
| Byggja eit godt fagleg tilbod for rusavhengige og familiene deira, der me legg vekt på eit godt tverrfagleg samarbeid mellom einingane. | | 4.3 |
| Me skal styrka helsetilbodet til personar med psykiske lidinger og utvikla butilbod. | | 4.4 |
| Målindikator | | |
| Friskliv, læring og meistringstilbod skal vera ein integrert del av helsetenesta både i form av individuell og gruppebasert oppfølging. Tilboda skal retta seg mot pasient/brukar og pårørande | | |
| o Kurs etter behov | | |
| o Kurs for pårørandestøtte | 1 | |
| Sikra at alle barn, unge og familiar vert sett og følgt opp når det er grunnlag for uro: Tilsette arbeidar systematisk etter Bli Z modellen både på system og individnivå. | | |
| Psykososialt kriseteam: deltakarar i teamet skal ha gjennomført "kriseskulen" | 100 % | |
| Prosjekt "psykisk helseteam for ungdom og pårørande" | | |
| o Ungdom mellom 12-18 år som får oppfølging | 15 stk | |
| o Føresette til målgruppa som får foreldrerettleiing | 15 stk | |
| Tenesta skal kartleggja kor mange innbyggjarar som årleg får oppfølging i psykisk helse- og rustenesta: | 4 gonger per år | |
| o Hovedforløp 1 (milde og kortvarige problem) | | |
| o Hovedforløp 2 (kortvarige alvorlige problem/lidinger) | | |
| o Hovedforløp 3 (Alvorlige og langvarige problem/lidinger) | | |
| Gjennomføra "Brukarplanundersøking" for psykisk helse og rus | 100 % | |
| Helsestasjon- og jordmorteneste. Samarbeid med andre kommunar? Sak til politisk behandling før budsjett 2023 | | 2.1/2.4 |
| Planleggja for drift av ny heildøgnsbemannna bustad for personar med psykiske helseutfordringar frå 2023 | | 04.apr |

9. Drift og Utvikling

| Drift og Utvikling | ØKONOMI | | |
|--------------------|----------------|---------------|---------------|
| | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 |
| Netto driftsramme | 26 473 311 | 23 337 456 | 24 487 676 |

1. Innleiing

Utvikling, samt Drift og Vedlikehald er i stor grad serviceavdelingar. Utvikling driv i stor grad med handsaming av søknadar frå innbyggjarar og bedrifter, samt ansvar for å utarbeida og godkjenna overordna planar.

Grunna ein gammal kommuneplan, må mange av søknadane handsamast som dispensasjon, noko som er meir tidskrevjande for avdelinga og kundar. Eit av dei store måla for 2021 var å ferdigstilla ny kommuneplan, men grunna oppseiing blei arbeidet ikkje sluttført. Det er nå eit mål at planen skal vera ferdig til sommaren 2022. Det er vidare eit mål at minst 2 andre planar som står i planstrategien, blant anna klima- og miljøplanen, vert ferdig stilt i 2022.

Utvikling har følgande arbeidsfelt: Landbruk, plan, byggesak, kart- og oppmåling, miljø og prosjektleiing. I tillegg er næringslivsarbeid ein del av kommunalsjefen sine oppgåver. Det vert i dette arbeidet lagt stor vekt på samspele mellom kommune, næring, næringsforeining og kommunen si fyrstelinjeteneste, som for tida vert utført av Medvind AS.

Driftsavdelinga driv med vedlikehald av kommunale bygg og vegar. Grunna svak økonomi dei seinare åra, har ein måttा prioritera dei heilt viktigaste funksjonar som brannalarmanlegg og heisar, i tillegg til snøbrøyting. Det har difor opparbeida seg eit stort etterslep på generelt vedlikehald på vegar og bygg. Ein har nå laga vedlikehaldsplanar som vil hjelpa oss til å nå målet om verdibevarande vedlikehald. Det er og



lagd inn ei ekstra stilling som driftsoperatør på bygg i årets budsjett.

Drift har følgjande arbeidsfelt: veg, vatn, kloakk, bygg og reinhald.

For å redusera dei totale kostnadane, vil følgjande effektiviseringstiltak bli sett i gong:

- Tilsette driftsoperatør, slik at dagleg vedlikehald aukar.
- Ferdigstille ny kommuneplan-arealdel. Det er planlagd at planen kjem på høyring før sommarferien, og vert endeleg vedteken innan 2022.
- Få fleire metadata inn i kartgrunnlag, slik at automatisering av kartteneste og søknadsprosessar blir stadig betre.

Budsjettet er delt i drift og investeringsbudsjett, og midlane for verdibeharande vedlikehald vert tildelt i driftsbudsjett. Oppgradering og nye tiltak vert tildelt i investeringsbudsjettet.

2. Kapasitet og gjennomføring

Det ser ut som det er greitt å rekruttere til stillingar i eininga. Utvikling og drift har hatt fleire stillingar utlyst i 2021, og ein har klart å tilsetja kompetente personar i alle stillingane. Det har vist seg at der er forholdsvis stor utskifting, og særleg er det vanskeleg å halde på dei tilsette som har lang reiseveg til arbeid.

| Vedlikehaldsområde | | | |
|----------------------------------|--------------------------------------|---------------------|---------------------|
| Beskriving | Type | Mengde | Reinhald |
| Kaiar | 3 i dagleg drift og 6 meir sporadisk | 9 | |
| Veg, fortau og parkeringsplassar | | 70 km veg +fortau | |
| Bruer | | 40 | |
| Brøyteroder | | 9 | |
| Gatelys | | | |
| Bygg | | 35500m ² | 33700m ² |
| Grøntareal | | 14000m ² | |
| Vassanlegg | | 8 | |
| Sil-anlegg | Kloakk | 2 | |
| Pumpestasjonar | Vatn og kloakk | 17 | |
| Ballbingar | | 4 | |
| Stadion | | 2 | |
| Kunstgrasbane | | 1 | |
| Grusbanar | | | |
| Skate banar | | 2 | |



3. Mål

| MÅL | Måltall | Kommuneplan |
|---|---|-------------|
| Drift og Utvikling | | |
| Gjennomføra analyse av grunnforhold/lausmasser | Innan 31.12.22 | 6.2/10.8 |
| Leggja fram ny kommuneplan til høyring | Innan 01.07.22 | 10.16 |
| Utarbeida skogbruksplan | Innan 31.12.22 | 5.6 |
| Auka grad av vedlikehald på bygg mot verdibevarande vedlikehald | | 9.2 |
| Auka sikkerheita på kommunale vegar | | 7.4 |
| Framleis levera god kvalitet på vatn til abonnentar | | 5.2 |
| Arbeida aktivt for god kommunikasjon og gjennomføring saman med næringslivet | | 5.4 |
| Det er generelt lågt sjukefråvære i einingane, men intensjonen er å senka sjukefråværet mot kommunen sitt mål . Sykefråvære har stege det siste året, og nytt mål er å få det tilbake til nivået i 2020 | Redusere med 1 % i forhold til 2021. | 8.6 |
| Arbeida for at reiselivsnæringa snakkar saman og klarer å samordna ei informasjonsside om kva tilbod der er i Etne kommune til ei kvar tid. | Innan 31.12.22 | 5.5 |
| Målindikator | | |
| Gjennomføre ein offentleg analyse som klargjer risiko for lausmasseskred i den marine sone, med mål om å frismelde så store areal som mogleg. | Innan 31.12.22 | 6.2/10.8 |
| Få vedtatt ny kommuneplan i 2022 | Innan 31.12.22 | 10.16 |
| Få utarbeida fleire planar som ligg i planstrategien | Minimum 3 stk. | 5.1 |
| Få mindre avvik frå brukarar og få lukka avvik på alvorlege område | 30% færre avvik | 9.2 |
| Utbetre vegdekker og auka vedlikehald av grøfter | Oppgr. sørstrandav egen | 7.4 |
| Fortsetja med hyppig oppfølging av vassverka og prøvetaking | 0 avvik | 5.2 |



10. Finans – Inntekter

| Finans | ØKONOMI | | |
|-------------------|----------------|---------------|---------------|
| | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 |
| Netto driftsramme | -1 639 291 | -13 043 999 | -13 448 678 |

1. Rammetilskot

Innbyggjartilskot 105 945 293 kr

Innbyggjartilskotet vert først fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Dette beløpet er 26 133 kroner i 2022. For Etne kommune utgjer dette: 26 133 kroner x 4 054 innbyggjarar = 105 945 293 kroner.

INGAR -195 568 kr

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 628,- per innbyggjar. Etne kommune si vekst i rammetilskotet frå 2021 til 2022 er 989 kroner per innbyggjar, og kommunen får difor 0 kroner per innbyggjar gjennom inntektsgarantiordninga. Alle kommunar er med på å finansiera inntektsgarantiordninga og vert trekt med eit likt beløp per innbyggjar i innbyggjartilskotet. For 2022 er trekket på -48 kroner per innbyggjar.

Utgiftsutjamning 31 427 555 kr

Utgiftsutjamning er ei omfordeling av innbyggjartilskotet basert på kor stort berekna utgiftsbehov den enkelte kommunen har. Utgiftsbehovet vert berekna blant anna på bakgrunn av alderssamsetning i kommunen, geografi og andre sosioøkonomiske forhold. Kommunar med høgt utgiftsbehov får deretter kompensert for det, mens kommunar med lågt utgiftsbehov vert trekt.

Likeverdige tenestetilbod til alle innbyggjarar uavhengig av kva slags kommune ein bur i, er ein grunnleggjande føresetnad i det norske samfunnet. I inntektssystemet for kommunane tek ein dette prinsippet i vare gjennom to omfordelingsordningar som fullt ut blir finansiert av kommunane sjølv:

Gjennom skatteutjamninga må kommunar med høge skatteinntekter frå skatt på inntekt og formue overføre delar av sine inntekter til kommunar med låge skatteinntekter.

I utgiftsutjamninga får kvar kommune berekna eit behov ut frå kva slags samansetning av innbyggjarar ein kommune har, både i forhold til alderssamsetning og visse sosioøkonomiske karakteristikkar. I tillegg vert også kommunen sin geografi vektlagt. Kommunane som har eit behov per innbyggjar over landsgjennomsnittet får eit tillegg i sitt rammetilskot. Dette vert i sin heilskap finansiert gjennom tilsvarande trekk i rammetilskotet frå kommunar med lågare behov enn landsgjennomsnittet.

I 2022 er det anslått at Etne har eit høgare utgiftsbehov per innbyggjar enn landsgjennomsnittet, med ein kostnadsindeks på 113,12 prosent. Etne blir difor tilført ekstra midlar i inntektssystemet for dette. Det vert rekna ut ein indeks for kriteriet som viser korleis kommunen ligg i høve til landsgjennomsnittet ved å sjå på kor stor del av Etne sin befolkning som er 2-5 år samanlikna med landet. Indeksen for kriteriet multipliserast med vekta til kriteriet. Summen av alle kriteria sine delsummar utgjer kommunen sin samla behovsindeks som er vist i figuren nedanfor. For Etne kommune er indeksen 1,1312 i 2022 (1,1136 i 2021). Det vil seia at det er rekna at kommunen er om lag 13,12 % dyrare å driva enn landssnittet, og kommunen vert difor kompensert med 31,427 millionar for dette.



Distriktstilskot Sør-Norge 1 223 000 kr

Distriktstilskot Sør-Norge skal ivareta kommunar i Sør-Norge med svak samfunnsmessig utvikling. Tildelinga av distriktstilskot Sør-Norge tar utgangspunkt i distriktsindeksen, som måler graden av distriktsutfordringar i ein kommune, og består av ulike indikatorar som måler forskjellar i geografi, demografi, arbeidsmarknad og levekår. For å kvalifisera til distriktstilskot Sør-Norge må kommunen ha hatt gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet, ha under 3 200 innbyggjarar eller ein distriktsindeks på 46 eller lågare, og ikkje mot ta distriktstilskot Nord-Norge. Tilskotet til kommunar med 3 200 innbyggjarar eller meir vert gitt med éin sats per kommune og éin sats per innbyggjar.

Skjønnstilskot 2 300 000 kr

Skjønnstilskotet vert brukt til å kompensera kommunar for spesielle lokale forhald som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Det samla skjønnstilskotet for kommunane er sett til 439 740 000 kroner i 2022. Kommunal- og moderniserings departementet fastset dei fylkesvise rammene, medan Fylkesmannen føretok fordelinga til den enkelte kommunen. I tillegg til fordelinga som vert vist under, er det sett av fylkesvise rammer for skjønnstilskot til fordeling gjennom året.

2. Skatteinntekter

Eigedomsskatt

Etne kommune sin sats er fastsett til 4 promille. Formuegrunnlag dannar grunnlag til eigedomsskatt kalkyle og gir føreseielege tal for inntektene i 2022. Eigedomsskatt for næring, verk og bruk er litt vanskelegare å kalkulera. Kommunane skal ta imot eigedomsskattegrunnlag frå skatteaten i løpet av hausten året før skatteåret. Me er kjent med at det har vore både forseinkingar med distribusjonen og betydelege manglar i listene dei siste åra, og har gjort skatteaten merksam på at dette er svært uheldig for kommunane sitt budsjettarbeid.

Eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg over 10 000 KVA vert basert på eit rullerande femårssnitt av kraftverket sine inntekter og utgifter. For skatteåret 2022 fastsette eigedomsskattegrunnlaget basert på kraftverket sine inntekter og utgifter i inntektsåra 2016-2020. Det inneber at dei svært låge kraftprisane i 2020 vil komma inn i snittberekinga og påverka eigedomsskattegrunnlaget frå 2022. Sjølv om kraftprisane i 2020 var uvanleg låge, vert ikkje femårssnittet påverka i alt for stor grad sidan det er 2015, som også var eit år med låge kraftprisar, som går ut av snittberekinga i 2022.

For inntektsåra 2016-2020, som inngår i eigedomsskattegrunnlaget for 2022, er gjennomsnittleg systempris 28,9 øre/kWh. For inntektsåra 2015-2019, som inngår i eigedomsskattegrunnlaget for 2021, var snittet 30,3 øre/kWh. Ser me på prisane isolert, talar det følgjeleg for ein reduksjon i eigedomsskattegrunnlaga frå 2021 til 2022. Snittet er likevel høgare enn i for skatteåret 2020, då snittet var 27,6 øre/kWh.

Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skattereduksjon for kommunane frå 2021 til 2022 med -0,1 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2022 byggjer blant anna på pårekna sysselsetningsvekst (1,4 prosent) og lønsvekst (3 prosent) og reduksjon i det kommunale skatteøyret. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret vert justert frå 12,15 prosent i 2021 til 10,95 prosent i 2022. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 prosent også for 2022. Skatteinntektene vert berre oppgitt som anslag, og må vurderast opp mot lokale tilhøve. Skatteinntektene varierer mykje mellom kommunane og vert jamna noko ut gjennom inntektsutjamninga.

Inntektsutjamninga vert rekna i høve landsgjennomsnittet for skatt slik at den samla skatteutviklinga for kommunane i landet vil ha stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet i 2022 vert kompensert for 60 % av differansen mellom eigen



skatteinngang og landsgjennomsnittet, medan kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet vert trekt for 60 % av differansen. Vidare vert kommunar med skatteinntekter på under 90 % av landsgjennomsnittet kompensert med 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Denne kompensasjonen vert finansiert ved at kvar kommune vert trekt med eit likt beløp pr. innbyggjar. Dette er ei "løypande" utjamning som vert utbetalt ti gonger i året etter kvart som tala frå skatteinngangen for kommunane ligg føre, siste gong i februar i året etter. Dei endelege skatteinntektene (skatt og inntektsutjamning) for 2021 er difor ikkje kjent før i februar 2022. Både KS og Fylkesmannen minner om at den einskilde kommune må justere påslaget for skatteauke utifrå eiga vurdering og lokale tilhøve knytt til skatteutviklinga i eigen kommune sett opp mot skatteutviklinga i landet totalt.

Resultatet av dette er at Etne ligg på 86,1 % av landsgjennomsnittet før inntektsutjamning. For Etne kommune, betyr dette 123 490 000 kr i skatteinntekter og mellom 10 til 12 mill. i inntektsutjamning.

3. Lån

Etne kommune har ein relativ låg gjeldsgrad ved utgangen av 2021. Det er lagt opp til fleire investeringar i 2022, og det er behov for nytt lån. Kommunen har eit betydeleg etterslep på investeringssida, med ubrukte lånemidlar på om lag 36 millionar ved utgangen av 2021. Etter dette er berekna netto lånegjeld ved slutten av året 252 millionar. Investeringsprogrammet i økonomiplanen er ambisiøst med mange store prosjekt og fleire anlegg som treng mykje rehabilitering. Det er budsjettet med auking av lånegjeld frå 2021 til 2022 (nytt låneopptak 24,5 mill.), og ein ytterlegare auke i resten av økonomiplanen. Totalt viser kommunen behov for cirka 200 mill. i framtidige investering, men investeringsplanen må først utgreiaast i høve til kapasitet for gjennomføring og finansiering.

4. Renter og finansaktiva

I mars 2020 sette Norges Bank styringsrenta ned frå 1,50 prosent til 0,25 prosent, og i mai senka dei den ytterlegare til eit historisk botnnivå på 0 prosent, kor den ble liggjande urørt til 23. september i år. Gjenopninga av samfunnet har gitt ein markert oppgang i norsk økonomi, og aktiviteten er nå høgare enn før koronapandemien. Derfor har Norges Bank ei god stund varsle at renta skal opp igjen til eit meir normalt nivå på rundt 1,75 prosent mot slutten av 2024. I september 2021 har styringsrenta auka til 0,25 prosent og prognose for styringsrenta inneber at renta vil auka gradvis dei neste åra.

Etne kommune har ei generell innsparing med refinansiering av gammalt sertifikatlån og med opptak av nye lån. Samstundes vil låge renter også påverka kommunen si inntektsside, noko som tidlegare har vore adressert i "Gjelds- og finansreglementet". Renteutgifter for 2022 er forventa å vera på 2,9 mill., mens renteinntekter er lagt opp til 1,2 mill.

Etne kommune har særskilt god likviditet og kan difor plassera opp til 35-45 mill. i aktiv forvaltning. Finansreglement opnar nå for ein portefølje opp til 40 aksjefond / 60 rentefond, noko som har ein avkastningsprognose på 4,9% som utgjera omlag 3 mill. kr.

4. Andre inntekter

Havbruksfondet

Alle kommunar og fylkeskommunar, som det går fram av Akvakulturregisteret har klarerte lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn, får ein respektiv del av inntektene som skal fordelast årleg. Dess høgare del av lokalitetskapasiteten den enkelte kommune/fylkeskommune står registrert med i Akvakulturregisteret, dess større del av midlane som skal fordelast vil overførast dei. Endringane i Havbruksfondet sitt regime som tredde i kraft i 2020, vil gje kommunen meir forutsigbarheit i budsjettprosessen vidare. Midlane blir fordelt basert på all klarert lokalitetsbiomasse per 1. september 2022. Prognose for midlane i 2022 er sett til cirka 4,7 mill.



Kraftinntekter

Kommunen har 20,18 GWh konsesjonskraft. For 2022 har Etne kommune endra strategi rundt sal av konsesjonskraft med hjelp av Kinect Energi, eit konsulent selskap. Målet med den nye strategien er å redusere volatiliteten i ein fallande marknad, samt behalde volatiliteten i stigande marknad. Kraft er derfor selt med ein «hedging strategi», som sikrar prisen ved å dela sal i mindre einingar. Prognose for 2022 viser moglege inntekter på rundt 11,5 millionar.

Andre statlege inntekter

Med unntak for utrekning av statlege rammetilskot, renter og nokre få postar til, er utrekna inntekter for 2022 redusert og vidareført flatt i økonomiplanperioden (2022-2025), med mindre sikre signal seier noko anna. Unntak frå denne hovudregelen vert omtala særskilt.



10. Investeringsplan

| INVESTERING 2022-2025 | | | | | |
|-----------------------|--|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Investeringsplan | | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
| | Finans | 6 020 000 kr | 3 000 000 kr | 3 000 000 kr | 3 000 000 kr |
| 50000 | Avdrag husbanken | 2 570 000 kr | 2 000 000 kr | 2 000 000 kr | 2 000 000 kr |
| 50001 | Utlån til andre (startlån) | 2 500 000 kr | 1 000 000 kr | 1 000 000 kr | 1 000 000 kr |
| 50002 | KLP Egenkapitaltilskudd | 950 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| | VA | 10 700 000 kr | 22 500 000 kr | 3 500 000 kr | 3 500 000 kr |
| 50150 | Hovudplan vatn | 750 000 kr | 750 000 kr | 250 000 kr | 250 000 kr |
| 50257 | Hovudplan avlaup | 750 000 kr | 750 000 kr | 250 000 kr | 250 000 kr |
| 50274 | Nytt vatnverk Etnesjøen | 3 000 000 kr | 15 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | Ramme Vann | 1 000 000 kr | 2 000 000 kr | 2 000 000 kr | 2 000 000 kr |
| Ny | Ramme Avlaup | 1 000 000 kr |
| Ny | Fikse - Teknisk Plan Vann | 1 500 000 kr | 1 500 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | Fikse - Teknisk Plan Avløp | 1 500 000 kr | 1 500 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50302 | Kloakk og vannledning Power | 1 200 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Bygg | 16 515 000 kr | 10 600 000 kr | 33 100 000 kr | 35 100 000 kr |
| | Tinghuset | 0 kr | 1 000 000 kr | 18 000 000 kr | 0 kr |
| Ny | Ombygging omsorgssenter (Forprosjekt+ tak og kompressorer+ t | 500 000 kr | 5 000 000 kr | 0 kr | 20 000 000 kr |
| | Ny lastebil | 0 kr | 1 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50255 | Prosjektstilling | 1 500 000 kr | 1 100 000 kr | 1 100 000 kr | 1 100 000 kr |
| Ny | Symjehallen | 115 000 kr | 1 000 000 kr | 12 500 000 kr | 12 500 000 kr |
| Ny | Fjernvarme Skånevik Skule | 500 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50275 | Oppgradering kommunale bygg | 1 000 000 kr |
| Ny | Garberobe Skånevik skule | 2 000 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50276 | Oppgradering utleigebustad | 500 000 kr | 500 000 kr | 500 000 kr | 500 000 kr |
| 50279 | Forprosjekt - framtidig planlegging PLO | 600 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50264 | Psykiatribustader og dagsenter | 8 900 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | Ombygging taktersesse/sklisikra | 100 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | Takheis og ombygging bemannet bu, omgjering | 500 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | Plan for brannsikring av kommunale bygg | 300 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Hamn | 1 875 000 kr | 4 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50268 | Tysse kai (2020) | 1 875 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Oppgradering sjøpromenade i Etnesjøen | 0 kr | 4 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| | IKT | 1 400 000 kr | 3 050 000 kr | 750 000 kr | 750 000 kr |
| 50280 | Utskifting av PC | 250 000 kr | 250 000 kr | 250 000 kr | 250 000 kr |
| | Ipad rullering (utstyr)- skule | 0 kr | 1 900 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | IKT skule skjerm | 600 000 kr | 400 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50282 | IKT utstyr (rullering) | 400 000 kr | 400 000 kr | 400 000 kr | 400 000 kr |
| 50283 | IKT programvare | 150 000 kr | 100 000 kr | 100 000 kr | 100 000 kr |
| | Eigedom, næring og aksjer | 1 700 000 kr | 1 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50284 | Fikse tekniskplan | 700 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | Fikse utbygging | 1 000 000 kr | 1 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Vei, park og grønt | 15 811 000 kr | 11 125 000 kr | 8 000 000 kr | 8 000 000 kr |
| 50285 | Veg asfaltering | 4 000 000 kr | 3 000 000 kr | 4 000 000 kr | 4 000 000 kr |
| Ny | Skånevik kai, parkområdet | 300 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50289 | Forlenging av fortau Etne omsorgssenter | 311 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50287 | Uteområde oppvekst Skakke | 375 000 kr | 750 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Uteområde Enge barneskule | 0 kr | 500 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50295 | Uteområde oppvekst - Skånevik | 375 000 kr | 375 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Reparasjon Åsheimsvegen | 0 kr | 1 300 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | Reparasjon vegskulder/autoværn sørstranda | 650 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50155 | Fortau Tongane | 1 000 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50294 | Utvinding gravplassar Grindheim | 1 500 000 kr | 1 500 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50234 | Utvinding gravplassar 2018 Skånevik | 3 000 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Utvinding gravplassar Etne | 0 kr | 0 kr | 3 000 000 kr | 3 000 000 kr |
| Ny | Utbredring av småprosjekt Osnæs | 300 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Parkeringsplassar Skånevik stadion omrent 4500 m2 | 0 kr | 2 000 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| | Parkeringsplassar Skakke omrent 1500 m2 | 0 kr | 700 000 kr | 0 kr | 0 kr |
| 50291 | Utbetring bruer | 1 000 000 kr |
| Ny | Osnæs | 500 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| Ny | Nytt dekke kunstgrasbane Etne | 2 500 000 kr | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| | TOTALT Investeringsplan | 54 021 000 kr | 55 275 000 kr | 48 350 000 kr | 50 350 000 kr |



INVESTERING 2022-2025

Investeringsbeskrivelse

Finans

| | |
|----------------------------|-------------------------------------|
| Avdrag husbanken | Avdragskostnad til Husbanken |
| Utlån til andre (startlån) | Lån via Husbanken til innbyggjarane |
| KLP Egenkapitaltilskudd | Eigenkapital via KLP |

VA

| | |
|-----------------------------|--|
| Hovudplan vatn | Laga plan for etablering av nye vassledningar og utskifting av eksisterande |
| Hovudplan avlaup | Laga heilsakeleg plan for kommunen sitt avlaupssystem |
| Nytt vatnverk Etnesjøen | Nytt vassverk i Etnesjøen som kan garantera for mengd og kvalitet |
| Ramme Vann | Oppgradering av kummar og vassledningar |
| Ramme Avlaup | Oppgradering av kummar og avlaupsledningar |
| Fikse - Teknisk Plan Vann | Planlegging av industriområdet er sett i gang, og vil pågå og i 2022. |
| Fikse - Teknisk Plan Avlaup | Det er eit ynskje å starta opp utbygging av området i 2022. Det har ikkje lukkast å få ei kostnadskalkyle på totalkostnaden på utbygginga endå, men dette vil vera ei utbygging kor ein må etablera vassverk og avlaupsanlegg i tidlegfase, samt kryss på E134 og veg inn til området. Deretter kan ein ta utbygging i etappar, og det kan koma eiga sak på finansiering når ein har ei betre kalkyle. |
| Kloakk og vannledning Power | Oppgradering og flytting av trase ved Power |

Bygg

| | |
|---|---|
| Tinghuset | Tinghuset treng ei oppgradering innen teknisk, energi og estetisk |
| Ombygging omsorgssenter (Forprosjekt-tak og kompressorer+ tilpassing midlertidige kontor kommune) | Asbest tak lek, klargjering for midlertidig flytting av administrasjon |
| Ny lastebil | Lastebilen på drift er gammal og kostbar i drift. Ein treng ny bil. |
| Prosjektstilling | Denne posten finansierer kommunen sin oppfølging av prosjekt |
| Symjehallen | Symjehallen på Enge er nedsleten, og det må byggast ny hall, dersom ein skal ha symjehall |
| Fjernvarme Skånevik skule | Det er arbeid i gang med å etablere fjernvarme i Skånevik (bassenget), og i dette arbeidet skal det også utredast og leggja tilrette for tilkopling av skulen for å bruka fjernvarme av same anlegg (saminvestering) |
| Oppgradering kommunale bygg | Bygg blir med tida utdater teknisk, og dette er ein post for at kommunale bygg skal bli oppgradert til den tekniske stand som gjeld i nåtid. |
| Garberobe Skånevik skule | Garderobane for tilsette er dårlige, og det trengs ein modernisering og oppgradering. |
| Oppgradering utleigebustad | Der er ca. 1-2 kommunale boligar som blir fråflytta i året, og det er då gunstig å kunne ta ei oppgradering av boligane. I snitt er desse 20-30 år gamle. |
| Forprosjekt - framtidig planlegging PLO | Det skal lagast ein plan for framtidig bruk av bygg og tenester for PLO i kommunen. |
| Psykiatribustader og dagsenter | Det er planlagt å etablere 4-5 nye boligar i demensavdeling på gamle Etne omsorgssenter |
| Ombygging takterrasse/sklisikra | Det har vist seg at den løysinga me har i dag med tilkomst til takterrassen ikkje fungerer, så her må ein etablere ei ny løysing. Det har vore fleire ulykker og nestenulykker med dei glatte flisene som er der i dag. |
| Takheis og ombygging bemannet bu omgjering | Det er eit ynskje å byggja delar av heildøgnsbemannata omsorgsbustadar for eldre i Etne om til institusjonsdrift, og då treng ein takheisar og litt ombygging av nokre areal. |
| Plan for brannsikring av kommunale bygg | Det er eit ynskje å gjennomføra ei kartlegging av brannsikkerheit i kommunale bygg, og laga ein plan for eventuelle utbedringar. |

Hamn

| | |
|---------------------------------------|--|
| Tysse kai (2020) | Her arbeidar ein med å gjera ein avtale med dei lokale grunneigarane, jfr. K-sak 46/21 |
| Oppgradering sjøpromenade i Etnesjøen | Her ynskjer ein å fjerne kaien som er i dag, og etablere ny promenade. |



| IKT | |
|---|---|
| Utskifte av PC | Byta ut utdaterte PC'ar i kommunen, max alder på PC er 5 år. |
| Ipad rullering (utstyr)- skule | Kvart 4. år blir iPadene i skulane byta ut for at dei ikkje skal bli utdatert. |
| IKT skule skjerm | Smartboard tavlene i skulen er 8 år gamle og utdaterte og dårlige. Dagens skjermar gir også vesentleg betre bilete. |
| IKT utstyr (rullering) | Det er heile tida behov for å byta ut utstyr i tillegg til PC'ar, både pga feil ,men også oppgradering. Møterom, nettverk mm. |
| IKT programvare | Satsinga på digitalisering gjer at det stadig vil vera behov for ny programvare og nye moduler. Etterkvar som digitaliseringsstrategi blir klar, vil dette bli meir konkret |
| Eigedom, næring og aksjer | |
| Fikse tekniskplan | Planlegging av industriområdet er igangsatt, og vil pågå og i 2022 |
| Fikse utbygging | Det er ynskjeleg å starte opp utbygging av området i 2022. Det har ikkje lukkast å få ei kostnadskalkyle på totalkostnaden på utbygginga enda, men dette vil vere ei utbygging kor ein må etablere vassverk og avløpsanlegg i tidligfase, samt kryss på E134 og veg inn til området. Deretter kan ein ta utbygging i etappar, og det kan komme eigen sak på finansiering når ei har betre kalkyler. |
| Veg, park og grønt | |
| Veg asfaltering | Det er planlagt å asfaltera Sørstandavegen i 2022, og dette vil kosta ca. 4000.000 kr. inkl asfalt på Mørkelifeltet. Evt. rest vil brukast på Gamlevegen. |
| Skånevik kai, parkområdet | Vi må erstatta parkområdet, som blei øydelagt pga oppgraderingsarbeidet |
| Forlenging av fortau Etne omsorgssenter | Det er ingått kontrakt med entreprenør, men grunna stor oppdragsmengde, må arbeida gjennomførast i 2022. |
| Uteområdet oppvekst Skakke | Etne kommune er ei av 4 kommunar som deltar i eit prosjekt i fylket, og får då dekka planleggingskostnadene. Det er stort behov for å få oppgradert uteområdet som er skoulegarden på Skakke |
| Uteområde Enge barneskule | Uteområdet på Enge barneskule treng oppgradering |
| Uteområdet oppvekst - Skånevik | Uteområdet på Skånevik skule treng oppgradering, og skal sjåast i samanheng med etablering av utbassenget. |
| Reparasjon Åsheimsvegen | Elva grep ut under fundamentet på deler av Åsheimsvegen, og ein treng å gjera oppgradering av fundament og elveløp |
| Reparasjon vegskulder/autovern sørstranda | Det har vist seg at fundamentet for autovern må oppgraderes for å vera tilstrekkeleg sterkt |
| Fortau Tongane | Det er eit stort behov for fortau langs vegen til Tongane, grunna mykje tungtrafikk |
| Utviding gravplassar Grindheim | Det er behov for utviding av gravplassen på Grindheim. her må det først omregulerast eit område |
| Utviding gravplassar 2018 Skånevik | Prosjektet er ferdig prosjektet, anbud utført og kontrakt inngått. Ventar på oppstart frå entreprenør. Har måttet vente på arkeologiske utgravingar. |
| Utviding gravplassar Etne | Der er behov for utviding av gravplassar i Etne |
| Utbetring av småprosjekt Osnes | Det gjenstår fortau langs det nye boligfeltet, samt andre små justeringar. |
| Parkeringsplassar Skånevik stadion omrent 4500 m2 | Det er ynskjeleg å få asfaltert parkeringsarealet ved Skånevik Idrettshall |
| Parkeringsplassar Skakke omrent 1500 m2 | Det er ynskjeleg å få asfaltert parkeringsarealet nord av Skakkesentret |
| Utbetring bruer | Det er gjennomført ein stor kontroll av kommunens bruer, og den viser eit betydeleg oppgraderingsbehov, som td. rekksverk. |
| Osnes | Asfalt på veg på Osnes |
| Nytt dekke kunstgrasbane Etne | Det er behov for nytt dekke på kunstgrasbanen i Etne. Dekket er nå 10 år, og er iferd med å bli utslitt. Levetida på slike dekker er satt til ca 10 år. |



11. Eigarskap og næring

| Nærings og eigarskap - Ansvar 1800 | |
|--------------------------------------|----------------------|
| Regionale samarbeid og IKS | |
| Destinasjon Haugesund & Haugalandet | 160 000 kr |
| Haugaland Vekst IKS | 200 000 kr |
| Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS | 230 000 kr |
| Frilutsråd Vest | 80 000 kr |
| Næring | |
| Medvind | 130 000 kr |
| Samferdsle | |
| Norsk Bane/Norsk lyntogforum | 31 000 kr |
| Kraft/konsesjonskraft | |
| LNK | 20 000 kr |
| LVK kontingent | 40 000 kr |
| Reiseliv | |
| Skånevik fjordhotell drift AS | 25 000 kr |
| Haukelivegen | 20 000 kr |
| Fugl Fønix Etne AS | 25 000 kr |
| Åkrafjorden oppleveling AS | 45 000 kr |
| Inntekter | |
| TOTALT | -1 050 000 kr |
| Differanse | 1 006 000 kr |
| Differanse | -44 000 kr |

